

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for kommunestyret

Den 28.05.2009 kl 11:45 – 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 033/09 - 046/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 20.05.2009 og ettersending av to saker den 25.05.09.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordfører	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordfører	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Lillian Andvik, vara	Morten Gullaksen, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Siri Tangedal Kratzmeier	Tore Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Kommunalsjef Olaf Mørch
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Dina Dyrhovden, Ap	037/09	Ingen
Leila T. Andvik, V	037/09	Ingen
Lars Solheim, Ap	043/09	Ingen

Møteleiar:	Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Skriv frå Nordbygda helselag datert 26.05.09 med søknad om tilskot til veglyst vert teke med under sak om skriv og melding
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Ordfører Håkon Matre ynskte velkommen til møtet og spesielt til Morten Gullaksen som møter som vara for Frp for første gong.

Innkallinga vart godkjent.

Ordfører orienterte om utsending av sakspapir som hadde blitt gjort i to omgangar. Han spurde om alle hadde fått alt.

Ordfører sa at det hadde kome ynskje om at Skriv og meldingar vart handsama som siste sak. Dette vart samrøystes vedteke.

Orienteringar frå ordfører:

- Det har kome innkalling til generalforsamling frå Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Det må veljast ein person som skal representera Masfjorden på generalforsamlinga.
- Skriv frå Hosteland helselag med søknad om tilskot til veglys.
- Innkalling til LVK sitt landsmøte.

Saklista vart etter dette godkjent.

Ordfører gjorde framlegg om Bjørn Egil Nordland og Willy Borge til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
033/09	09/356	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
034/09	09/355	Skriv og meldingar	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
035/09	07/158	Nytt Valstyre for perioden 2009 -11	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
036/09	09/310	Høyring - rett til fysisk aktivitet	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
037/09	09/242	Barnevernstenesta og NAV sosial - bemanning	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
038/09	08/804	Felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
039/09	06/987	Felles skattekontor for Nordhordland - skatteoppkrevjarkontor	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
040/09	09/123	Rullering av kommuneplanen - oppstart - planprogram til offentleg høyring	47
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
041/09	07/517	Reguleringsplan Kleivetoppen hyttefelt i Stordalen - eigengodkjenning	53
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
042/09	07/419	Endring av reguleringsplan for Librotet hyttefelt - eigengodkjenning	58
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
043/09	09/162	Reguleringsplan Solheimsneset bustadfelt – reguleringsendring	65
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
044/09	09/215	Budsjettsaldering 2009	72

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
045/09	06/552	Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden kommune -- revidert prosjektplan, budsjett og status	84

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
046/09	09/358	1.tertialrapport 2009 - rekneskapoversyn for perioden 01.01.- 30.04.2009	104

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.05.2009	033/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/356
-----------	---------------------

SAK 033/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 16.04.09 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-033/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 16.04.09 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.05.2009	034/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/355
-----------	---------------------

SAK 034/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	09/1509	I	02.04.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Trekking av motsegn mot kommunedelplanen i Stordalen
2	09/1550	I	03.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Handlingsprogram 2010-2019 for det nye fylkesvegnettet - vidare prosess
3	09/1745	I	23.04.2009	Høylandet kommune	Invitasjon til Demokratimesterskapet 2009
4	09/1730	U	27.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Handlingsprogram 2010 - 2013 (19) for det nye fylkesvegnettet - førespurnad om prioriteringar
5	09/1803	I	24.04.2009	Samferdselsdepartementet	NOU 2009:3 På sikker veg - Høyring
6	09/1805	I	28.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Invitasjon til å foreslå kandidatar til miljøprisen for Hordaland 2008
7	09/1996	N	12.05.2009		Statusrapport byggeprosjekt nye omsorgsbustader på Hosteland
8	09/2192	I	07.05.2009	Nordhordland revisjon IKS	Revisjonsmelding Masfjorden Overformynderi for 2008
9	09/2199	I	19.05.2009	NGIR	Innkalling til årsmøte i NGIR den 27.05.09

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-034/09 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

Tilleggsskriv utdelt i møtet:

Skriv 10) Innkalling til generalforsamling i nye GMU AS den 5. juni kl. 12.00.

Ordførar gjorde framlegg om at varaordførar Kari Skår Sørheim møter. Sørheim er og 1. vara i styret for GMU AS.

Liv Oda Dale sa at det er viktig at generalforsamlinga gjer vedtak om at det er ein person frå den offentlege eigarsida som blir styreleiar.

Skriv 11) Nordbygda helselag – søknad om tilskot til veglys
Ordførar opplyste om at det vil bli laga sak på dette til neste møte i formannskapet.

Skriv 12) Invitasjon til Landsmøte i LVK 19. – 21. august 2009.
Det har vore vanleg at medlemmene i Kraftfondsstyret har reist på landsmøta til LVK.
Påmeldingsfrist er 1. juni.
Dei av medlemmene som ynskjer å reisa må gje tilbakemelding til administrasjonen så snart som mogleg.

Skriv og meldingar vart samrøystes tekne til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.05.2009	035/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 07/158
----------------	---------------------

SAK 035/09 - NYTT VALSTYRE FOR PERIODEN 2009 -11

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyre for perioden 2009 – 2011:

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik 2. Frode Langhelle 3. Siri T. Kratzmeier 4. Tore Helland 5. Per Einar Langhelle
Krf	1	Kari Skår Sørheim	H	
Frp	1	Willy Borge	Krf	
			Frp	
			V	
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes 2. Jon Terje Sætre 3. Lars Solheim 4. Bjørn Egil Nordland 5. Liv Oda Dale
			Sp	
			Ap	
			Ap	
			Ap	
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: Håkon Matre
Nestleiar: Kari Skår Sørheim

Utskrift til:
 Dei valde

KS-035/09 VEDTAK:**Valstyre for perioden 2009 – 2011:**

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik
			H	2. Frode Langhelle
			Krf	3. Siri T. Kratzmeier
			Frp	4. Tore Helland
			V	5. Per Einar Langhelle
Krf	1	Kari Skår Sørheim		
Frp	1	Willy Borge		
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes
			Sp	2. Jon Terje Sætre
			Ap	3. Lars Solheim
			Ap	4. Bjørn Egil Nordland
			Ap	5. Liv Oda Dale
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: Håkon Matre
Nestleiar: Kari Skår Sørheim

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Ordførar orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	12.03.2007	Medlemmer og varamedlemmer	Melding om vedtak - Val av valstyre i høve kommunevalet 2007

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Tidlegare har det vore formannskapet som automatisk har fungert som valstyre.

Framfor kommunevalet i 2007 vart det presisert i vallova § 3.1.1 at kommunestyret sjølv må velja valstyre og at kommunane ikkje kan leggja til grunn tidlegare ordning med at formannskapet som valstyre blir ført vidare.

Den 22.02.2007 vart det difor valt eige valstyre framfor kommunevalet i K-sak 05/07.

VURDERING

Det er no stortingsval og kommunestyret må difor velja nytt valstyre.

Det mest praktiske er at det sitjande formannskap vert valt til nytt valstyre. Valstyret kan då planlegga møta same dagen som formannskapet.

Ved valet i 2007 var det problem med kvinneandelen då ein skulle velja valstyre, men det problemet har me ikkje no.

Valstyre 2007:

Parti:	Medlem:	Varamedlemer:
H	Håkon Matre, leiar	1. Frode Langhelle 2. Kari Sørheim 3. Karstein Totland 4. Frode Haugsvær
Krf	Marit Steinestø	
V	Ivar Holmaas	
AP	Reidun Kvamsdal	1. Laila S. Reknes
Sp	Erik A. Riisnes	1. Jon Steinar Haugsvær

Leiar for valstyret:

Håkon Matre

Nestleiar for valstyret:

Ivar Holmaas

KONKLUSJON

Valstyre for perioden 2009 – 2011 vert:

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Håkon Matre	V	1. Leila Torsvik Andvik
			H	2. Frode Langhelle
			Krf	3. Siri T. Kratzmeier
			Frp	4. Tore Helland
			V	5. Per Einar Langhelle
Krf	1	Kari Skår Sørheim		
Frp	1	Willy Borge		
Ap	1	Dina Dyrhovden	Ap	1. Laila S. Reknes
			Sp	2. Jon Terje Sætre
			Ap	3. Lars Solheim
			Ap	4. Bjørn Egil Nordland
			Ap	5. Liv Oda Dale
Sp	1	Vigdis Søvik		

Leiar i valstyret: Håkon Matre
 Nestleiar: Kari Skår Sørheim

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.05.2009	035/09	Alf Strand
Kommunestyret	28.05.2009	036/09	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 09/310
-------------	---------------------

SAK 036/09 - HØYRING - RETT TIL FYSISK AKTIVITET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek endringane i forskrift til opplæringslova §1-1a til etterretning. Dei ekstra timane til fysisk aktivitet vert lagde til 6. og 7. klassesteg.

Finansiering

Timar til fysisk aktivitet ligg inne i det vedtekne rammetimetalet for skuleåret 2009-2010.

Heimel

Utskrift til:

Skulane
Utdanningsdirektoratet

FS-035/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune tek endringane i forskrift til opplæringslova §1-1a til etterretning. Dei ekstra timane til fysisk aktivitet vert lagde til 6. og 7. klassesteg.

Finansiering

Timar til fysisk aktivitet ligg inne i det vedtekne rammetimetalet for skuleåret 2009-2010.

Utskrift til:

Skulane
Utdanningsdirektoratet

Det skjedde i Formannskapet den 18.05.2009:

Rådgsjevar Alf Strand orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-036/09 VEDTAK:

Masfjorden kommune tek endringane i forskrift til opplæringslova §1-1a til etterretning. Dei ekstra timane til fysisk aktivitet vert lagde til 6. og 7. klassesteg.

Finansiering

Timar til fysisk aktivitet ligg inne i det vedtekne rammetimetalet for skuleåret 2009-2010.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Lillian Andvik, Krf, spurde om kva fag dei to timane til fysisk aktivitet skal takast frå.

Rådgjevar Alf Strand svara at skulane alt i dag nyttar det auke timetalet til ekstra timar i kroppsøving. Det er desse ekstra kroppsøvingstimane som frå komande skuleår vil bli brukt til timar til fysisk aktivitet. Klassane vil ikkje koma under minstetimetalet i noko fag.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	30.04.2009	Utdanningsdirektoratet	Høyring - rett til fysisk aktivitet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Utdanningsdirektoratet har sendt ut til høyring framlegg til endringar i forskrift til opplæringslova. Direktoratet gjer framlegg om at det vert innført rett til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa.

I høyringsbrevet ber direktoratet om at høyringsinstansane særleg uttalar seg om kva årssteg dei to timane fysisk aktivitet skal leggjast til.

Framlegget til endring i forskrift til opplæringslova kapittel 1 lyder slik:

Ny § 1 – 1a Rett til fysisk aktivitet

”Elevar på 5.-7. trinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingsfaget. Til saman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. fag- og timefordelinga. Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggast slik at alle elevar kan oppleve meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen. Reglane om vurdering i kapittel 3 og om krav til pedagogisk kompetanse for undervisningspersonalet i kapittel 14 gjeld ikkje. Elles gjeld opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.”

Føremålet med denne endringa i forskrifta er å leggja til rette for ein meir variert og aktiv skuledag for elevane. Fysisk aktivitet har positive effektar både for psykisk og fysisk helse, for læringsmiljø og læringsutbytte.

Endringa i forskrifta inneber at fysisk aktivitet skal vera obligatorisk, dvs. at elevane har rett og plikt til å delta. Den fysiske aktiviteten skal ikkje vera ein del av kroppsovingsfaget eller opplæring retta mot kompetansemål i fag. Timane til fysisk aktivitet skal likevel regulerast innanfor gjeldande fag- og timefordeling. Timane til fysisk aktivitet skal leggjast til 5.-7. årssteg.

Opplæringslova og forskrifta sine reglar om vurdering og kompetanse for undervisningspersonale gjeld ikkje for desse timane sidan fysisk aktivitet ikkje er opplæring i fag og dermed ikkje er knytta til konkrete kompetansemål i læreplanen.

Derimot må den fysiske aktiviteten tilretteleggast etter prinsippa for tilpassa opplæring.

Elevane skal også i desse timane ha eit godt fysisk og psykososialt miljø, elevgruppene må vera av forsvarleg storleik og enkelte elevar kan ha rett til spesialundervisning. Alle elevar skal aktiviserast, aktiviteten skal vera lystbetont og aktiviteten skal gjera det mogleg for elevane å vera fysisk aktive utan omsyn til funksjonsevne eller andre føresetnader.

Gratisregelen gjeld også desse timane.

Timetalet for 5.-7. årssteg vert auka med 76 timar, dvs. 2 timar pr. veke. Auken gjeld frå august 2009.

VURDERING

Timetalet for 5.-7. årssteg vert frå og med skuleåret 2009-2010 auka frå 82 til 84 timar pr. veke. For skulane i Masfjorden vert det ingen auke, fordi skulane har hatt dette timetalet sidan Kunnskapsløftet vart innført i 2006.

Det nye for våre skular blir at elevane på 5.-7. klassesteg skal ha to timar pr. veke til fysisk aktivitet i tillegg til kroppsovingstimane. Om dei ekstra timane skal leggjast til 6. og 7. klasse, eller til eitt av desse årsstega, vert det opp til kvar skule å avgjera.

Rådmannen deler direktoratet si vurdering av at det er på dei øvste klassestega på mellomsteget at behovet for obligatorisk fysisk aktivitet er størst. Me ser t.d. at talet på deltakarar i idrettsskulen går ned når me kjem til 6. og 7. klasse.

Skuleeigar skal leggja til rette for at aktivitetane er fysisk og psykisk helsefremjande, gjev elevane glede og kjensla av å meistra, er med på å gje elevane ein variert skuledag og er med på å fremja sosial kompetanse. Med desse krava og dei krav som blir stilt til tilpassa opplæring, vil Masfjorden kommune bruka pedagogisk personale til å leia den fysiske aktiviteten.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune tek endringane i forskrift til opplæringslova §1-1a til etterretning. Dei ekstra timane til fysisk aktivitet vert lagde til 6. og 7. klassesteg.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.05.2009	036/09	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	28.05.2009	037/09	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-031	Arkivsaknr.: 09/242
--------------	---------------------

SAK 037/09 - BARNEVERNSTENESTA OG NAV SOSIAL - BEMANNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bemanning i barneverntenesta vert auka til 1.8 stillingsheimlar. Endringa vert gjennomført frå 01.09.09
2. Førebuing av flytting av oppgåver knytt til arbeid med startlån og bustadtilskot vert starta opp. Kommunal bemanning ved NAV kontoret vert vurdert på ny i samband med gjennomgang av total bemanning, kommune/stat, ved kontoret hausten 09.

Finansiering

Innan totalbudsjettet for sosial- og barnevern, ved omdisponering av budsjettmidlar → budsjettrevisjon

Utskrift til:

NAV- Masfjorden ved leiar
NAV – Hordaland ved Fylkesdirektør

FS-036/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Bemanning i barneverntenesta vert auka til 1.8 stillingsheimlar. Endringa vert gjennomført frå 01.09.09
2. Førebuing av flytting av oppgåver knytt til arbeid med startlån og bustadtilskot vert starta opp. Kommunal bemanning ved NAV kontoret vert vurdert på ny i samband med gjennomgang av total bemanning, kommune/stat, ved kontoret hausten 09.

Finansiering

Innan totalbudsjettet for sosial- og barnevern, ved omdisponering av budsjettmidlar → budsjettrevisjon

Heimel

Det skjedde i Formannskapet den 18.05.2009:

Dina Dyrhovden sa seg ugild i denne saka sidan ho er leiar i NAV Masfjorden.

Det vart samrøystes vedteke at Dyrhovden er ugild i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-037/09 VEDTAK :

- 1. Bemanning i barneverntenesta vert auka til 1.8 stillingsheimlar. Endringa vert gjennomført frå 01.09.09**
- 2. Førebuing av flytting av oppgåver knytt til arbeid med startlån og bustadtilskot vert starta opp. Kommunal bemanning ved NAV kontoret vert vurdert på ny i samband med gjennomgang av total bemanning, kommune/stat, ved kontoret hausten 09.**

Finansiering

Innan totalbudsjettet for sosial- og barnevern, ved omdisponering av budsjettmidlar → budsjettrevisjon

Heimel**Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:**

Leila T. Andvik, V, sa seg ugild i denne saka sidan ho jobbar i barnevernet.

Dina Dyrhovden, Ap, sa seg også ugild i saka sidan ho er tilsett i NAV.

Det vart røysta over dette.

Det vart samrøystes vedteke at Andvik og Dyrhovden var ugilde i denne saka. Dei forlet no møtet.

Saka vart drøfta.

Dyrhovden ba om å få koma med ei saksopplysning at det har kome melding frå NAV sentralt om at det vil bli tilsett sakshandsamar i 50 % stilling på NAV Masfjorden.

Sørheim spurde om det var spesielt barnevern det var tenkt på med denne auken i stilling.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det er det. Det vil og vera vanskeleg å få nokon tilsett med berre 50 % stilling. Det er og viktig å få ei robust barnevernsteneste. Skulle ein få overkapasitet kan Masfjorden selja tenester til andre kommunar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.03.2009	leiar Nav Masfjorden og Leila T. Andvik Dina M. Dyrhovden	Gjeld bemanningssituasjonen for barnevernstenesta og NAV sosial

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Sidan sosial og barneverntenesta vart splitta i eigne einingar er bemanningsfordelinga ikkje drøfta og fastsett.

Norm bemanning på tenestene felles var 2.5 stillingar med 100% stilling som leiar, 100 % stilling som konsulent og 50 % stilling som barnevernkonsulent.

Frå 01.01.07 opphøyrt NIB (Nordhordland interkommunale barnevernsteam). Kommunen overførte pengar tilsvarande ei halv stilling til denne tenesta.

Dei seinare år har tenesta vore prega av ustabilitet med langtidsjukdom vikarar i varierende storleik. Rekruttering, spesielt på barnevernfeltet er vanskeleg.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Situasjonen i dag er slik;

NAV kommune:
ca 10 % stilling som andel av leiarressurs
100% stilling konsulent

Barnevern:
100 % stilling barnevernleiar
50% stilling konsulent i permisjon fram til 01.09.09
Tidlegare leiar for sosial og barneverntenesta – no fagleg rettleiar 40 % stilling
(langtidsjukemeldt og signaliserer at ho ikkje ser for seg at ho kjem attende).

Leiarane i NAV og barnevern har vurdert bemanningssituasjonen som krevjande. Dei ynskjer styrking med 30 % stilling på barnevern (auke konsulentstilling frå 50 til 80 %) og styrking til 1.8 kommunale stillingar i NAV.

Det er etablert avtaler mellom stat og kommune om etablering og drift av NAV Masfjorden. I avtale er det fastsett bemanning og arbeidsfordeling. I Masfjorden har vi lagt over til NAV relativt mange oppgaver.

VURDERING

Bemanning barnevern.

Bemanning av ei krevjande teneste med ein person er sårbart sjølv om dette samsvarar med behov/ressursbruk statistisk i høve kommunestorleik. Å sikre kvalitet og kontinuitet innanfor denne tenesta er utfordrande og er påpeikt som ei svakheit ved å ha kommunar med lågare innbyggjartal. Etter at NIB vart avslutta har barneverntenesta vorte ytterlegare sårbar ved at ”fagbackup” er teke bort.

Bemanning NAV- sosial

Situasjonen ved NAV kontoret er i større grad uavklart. I avtalar med stat har denne parten ikkje bemanna kontoret slik det er avtala. Bemanninga ligg ei halv stilling under føresetnadene. I perioden frå oppstart av kontoret i haust og fram til 01.07.09 har kommunen nytta vikarmidlar til å styrke bemanning i kontoret utover det vi er forplikta til i avtale. Denne situasjonen er formidla som uholdbar for kommunen som avtalepart.

Kommunen har sidan før oppstart av NAV kontoret uttrykt bekymring i høve ei rekkje signal om sentralisering av NAV tenestene. Fleire oppgaver og service vert flytta frå lokalt kontor. Årsak til at staten no ikkje har bemanna lokalt kontor slik dette er avtala, er at det er tilsett for mange i sentrale ledd. I denne situasjonen har administrasjonen vurdert ulike alternativ;

1. å flytte oppgaver frå NAV – sosial attende og fordele til andre tilsette.
 2. å tilrå auke i kommunal bemanning
 3. å halde fast på inngått avtale og arbeide for at stat innfrir bemanning etter avtale.
-
1. Det kan vere aktuelt å flytte nokre oppgaver til kommuneadministrasjonen. Dette gjeld spesielt startlån. Startlån er eit samarbeidstiltak med Husbanken som skal sikre bustad til dei med utfordringar på det ordinære lånemarkedet. Tildeling skal ha ein ”sosial” profil men også ein breiare aktiv bustadpolitisk profil. Vi har så langt nytta ordningane mindre enn andre kommunar.
 2. Driftsavtale med staten skal reforhandlast hausten 09. Signal som vart gjeve på Partnerskapsmøte 22.04.09 indikerar at NAV – stat planlegg ein permanent stillingsreduksjon for si side. Kommunen kan då komme i ein pressituasjon med forventningar om å auke bemanning for å oppretthalde eit robust kontor med framleis høgt servicenivå.
 3. Administrasjonen vurderer å halde opp trykket på forventningane til NAV-stat om å ikkje ”tappe” ressursar frå lokalt kontor. Dette må klargjerast i samband med reforhandlingar i haust. Bemanning må då avklarast i denne prosessen.

KONKLUSJON

Rådmannen vurderer å auke bemanninga i barneverntenesta til 1.8 stillingar.

Rådmannen vurderer å flytte arbeidet med startlån/bustadtilskot ut av NAV kontoret og tildele andre tilsette desse oppgåvene. Bemanning ved NAV- sosial vert vurdert i samband med gjennomgang av samarbeidsavtalane med NAV-stat hausten 09.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.05.2009	038/09	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	28.05.2009	038/09	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 08/804
--------------	---------------------

SAK 038/09 - FELLES LANDBRUKSKONTOR I NORDHORDLANDSREGIONEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre tar saksutgreiing og rapport om Felles landbrukskontor i Nordhordland til orientering.

Masfjorden kommune ønskjer ei drøfting av eventuelt samarbeid med andre kommunar det er mogleg å finna felles løysing saman med.

Utskrift til:

Regionrådet Nordhordland IKS
Lindås kommune
Austrheim kommune
Radøy kommune
Meland kommune
Fedje kommune
Modalen kommune
Osterøy kommune

KS-038/09 VEDTAK:

1. Masfjorden kommunestyre tar saksutgreiing og rapport om Felles landbrukskontor i Nordhordland til orientering.
2. Masfjorden kommune opprettheld og vidareutviklar dagens ordning med eige landbrukskontor lokalisert i Masfjorden.

Når det gjeld spesialisering innan ulike fagfelt for å auke samla fagkompetanse, kan ein søkje samarbeid med dei andre kontora i regionen.

Kjøp og sal av tenester må og kunne vurderast.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Ordfører orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, Ap, sette fram slikt framlegg til vedtak:

Pkt 1 som rådmannen sitt framlegg.

Nytt pkt2.

Masfjorden kommune opprettheld dagens ordning med eige landbrukskontor lokalisert i Masfjorden.

Når det gjeld spesialisering innan ulike fagfelt for å auke samla fagkompetanse, kan ein søkje samarbeid med dei andre kontora i regionen.

Kjøp og sal av tenester må og kunne vurderast.

Frode Langhelle, H, sa at ein er sårbar med få tilsette i fall sjukdom osv. Viktig med gode tenester slik at næringa får utvikla seg.

Vigdis Søvik, Sp, sette fram slikt framlegg til vedtak.

Pkt. 1 som rådmannen sitt framlegg.

Pkt 2. Masfjorden kommunestyre vil oppretthalde og vidareutvikle dagens ordning med eige landbrukskontor lokalisert i Masfjorden

Pkt 3. Kommunen ønskjer samarbeid med andre kommunar i regionen gjennom kjøp og sal av kompetanse og tenester.

Wenke Ekren, H, opplyste om at ho som leiar i Masfjorden Sau og geitalslag ikkje blitt innkalla til møte eller fått denne saka til høyring. Ber om at saka vert utsett.

Kari Skår Sørheim, KrF, støttar Ap sitt framlegg.

Willy Borge, Frp, sa at det er viktig med nærheit til brukarane. Frp støttar Ap sitt framlegg.

Det vart no pause i møtet slik at endringsframlegga som var kome kunne samordnast.

Møtet vart sett att.

Frode Langhelle, H, opprettheldt formannskapet sitt framlegg.

Liv Oda Dale, Ap, sette fram fellesframlegg frå Ap og Sp:

Pkt 1 som rådmannen sitt framlegg.

Pkt2.

Masfjorden kommune opprettheld og vidareutviklar dagens ordning med eige landbrukskontor lokalisert i Masfjorden.

Når det gjeld spesialisering innan ulike fagfelt for å auke samla fagkompetanse, kan ein søkje samarbeid med dei andre kontora i regionen.

Kjøp og sal av tenester må og kunne vurderast.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over pkt 1 i formannskapet/Høgre sitt framlegg.

Pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Rådmannen/Høgre sitt framlegg til pkt 2 og fellesframlegget frå Ap og Sp vart røysta opp mot kvarandre.

Fellesframlegget frå Ap og Sp vart vedteke med 13 røyster mot 4 (H)

FS-038/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre tar saksutgreiing og rapport om Felles landbrukskontor i Nordhordland til orientering.

Masfjorden kommune ønskjer ei drøfting av eventuelt samarbeid med andre kommunar det er mogleg å finna felles løysing saman med.

Finansiering

Heimel

Det skjedde i Formannskapet den 18.05.2009:

Saka vart drøfta.

Dina Dyrhovden, Ap, sette fram slikt endringsframlegg til siste setning i rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune opprettheldt dagens ordning med eige landbrukskontor, men når det gjeld spesialisering innan fagfelt, kan ein søkja samarbeid med dei andre kontora i regionen.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Etter drøfting trekte Dyrhovden sitt framlegg, men signaliserte at Ap vil koma med endringsframlegg til kommunestyremøtet den 28.05.09.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	27.10.2008	Styringsgruppa v/Øystein Søvik	Rapport Felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen
2	I	25.03.2009	Regionrådet Nordhordland IKS	Felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen - utskrift frå Regionrådet sak 04/09
4	I	20.04.2009	Modalen kommune	Vedtak frå Modalen kommunestyre om felles landbrukskontor
5	U	23.04.2009	Gerd Astrid Haugsvær; Geir Egil Haugsvær	Møte med landbruksorganisasjonane i Masfjorden for å diskutere felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen
6	I	07.05.2009	Masfjorden bone- og småbrukarlag	Uttale i høve felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen
7	X	08.05.2009		Møtereferat frå møte med landbruksorganisasjonane i Masfjorden
8	I	15.05.2009	Meland kommune	Vedtak frå Meland kommune om felles landbrukskontor

Dokument nr 1: Rapport felles landbrukskontor ligg ved i eige hefte.

Dokument som er utheva er teke inn i saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunane i regionrådet har gjennomført eit prosjekt som har utgreidd spørsmålet om eit felles landbrukskontor i Nordhordland. Prosjektet har fått utviklingsmidlar frå Fylkesmannen, og Price Waterhouse Coopers har utarbeidd ein rapport som følgjer saka.

På bakgrunn av saksutgreiing frå arbeidsgruppa for prosjektet, vart saka handsama i regionrådet 20.03.09.

Dei gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tar rapporten om felles interkommunalt landbrukskontor til orientering, og sender saka til kommunane med tilråding om slikt vedtak:

Primært:

(_____ kommune) går inn for å delta i eitt felles interkommunalt landbrukskontor for Nordhordland. Samarbeidet vert etter vertskommunemodellen §28b. Administrasjonen får i oppgåve å realisere det praktiske rundt overgangen til felles landbrukskontor snarast.

Subsidiært:

(_____ kommune ønskjer ei drøfting av eventuelt samarbeid med andre kommunar det er naturleg å finne felles løysing saman med.

HØYRING/UTTALE

Masfjorden kommune har fått inn skriftleg uttale frå Masfjorden bonde- og småbrukarlag. Vidare hadde kommunen møte med organisasjonane i landbruket for å drøfta saka med dei. Referat frå møtet, og uttalen er lagt inn i saka under punktet **Vurderingar Masfjorden kommune**.

FAKTA

Fullstendig saksutgreiing frå regionrådet 20.mars 2009 oppsummerer fakta og vurderingar frå prosjektet. Regionrådet si saksutgreiing følgjer her:

"Bakgrunn:

Kommunane i Nordhordlandsregionen har over fleire år prøvd å få til samarbeid innanfor politiske og administrative område. Det har vore mange konstruktive samarbeid rundt felles politiske saker og uttaler, men det har vore vanskelegare å få til konkrete formaliserte samarbeid innanfor administrasjon og drift av kommunane si tenesteverksemd. Legevaktsamarbeidet og det meir uformelle samarbeidet rundt IKT løysingar er dei mest kjente. Samarbeidet rundt barnevern og PPT vart oppløyst, og dette representerte nok eit steg tilbake for tenestesamarbeida. I ettertid har regionen gjennomført ein stor prosess rundt vurdering av kommunesamanslåing. Denne prosessen stranda med den konklusjon at det var betre å fokusere på interkommunale samarbeid i større grad. Prosjektet "Felles landbrukskontor" vil vere ein test på viljen til å få til tenestesamarbeid på tvers av sjølvstendige kommunar.

Målet var å få etablert eit felles landbrukskontor for Nordhordlandskommunane innan utgongen av 2008.

Eit slikt felles kontor vil kunne auke fokus på utviklinga innanfor landbruksnæringa i regionen. Dette har tidlegare kome opp i møter mellom regionen, landbruksnæringa og landbruksavdelinga hos fylkesmannen. Her har det vore diskutert viktigheita av å samarbeide innanfor dette næringsområdet. Utfordringane for næringa har auka i dei siste åra, spesielt m.o.t. produksjonsnivå og dyrkbar mark. Nordhordlandskommunane har mange av dei same utfordringane i åra som kjem. Kommunane vert for små til å kunne fokusere skikkeleg og tilby tilstrekkelig kompetanse og støtte til næringa. Det er heller ikkje mykje kapasitet til å tiltrekke eksterne midlar til regionen.

Det var full støtte til prosjektet i det gamle regionrådet, men ein ynskte å forankre prosessen i det nye regionrådet (etter valet) for å sikre nytt eigarskap til planane.

Slikt vedtak fekk vi i regionrådsmøte 20. desember 2007:

”Samrøystes vedtak:

Rådmannsgruppa får fullmakt til å nytta tildelte midlar for etablering og oppstart av prosjektet, herunder leige inn ekstern prosjektleiing.”

Fylkesmannen hadde etter søknad i andre tildeling i 2007 løyvd prosjektet kr. 250.000 i skjønsmidlar for å medverka til å få realisert eit felles landbrukskontor i regionen vår. Prosjektet nytta storparten av desse midlane til ein ekstern prosjektleiar for å sikre framdrift i prosjektet og for å produsere ein projektrapport, som kan nyttast i vurderingane våre. Projektrapporten vart slutført i oktober 2008 og ligg ved saka. Deltakinga i prosjektet har vore i samsvar med retningslinjene for denne type interkommunale prosjekt med deltaking av både landbruksnæringa, tillitsvalde, tilsette ved landbrukskontor og overordna leiing.

Kvar kommune har i dag eigne løysingar innanfor landbruksområdet som er sårbare både personal- og ressursmessig. Kompetansen varierer mellom kommunane og kapasiteten er låg med omsyn til å vere proaktiv i forhold til å trekkje til seg nye offentlege midlar. Funksjonen bør samlast for å vere ein meir slagkraftig aktør inn mot landbruksnæringa, som er i kontinuerleg endring og omstilling.

Sentrale mål for etablering av ei felles landbruksforvaltning

Svak utvikling i landbruksnæringa i Nordhordland er ei viktig årsak til etablering av dette prosjektet. Dersom utviklinga skal kunne endrast er landbruksnæringa avhengig av bistand frå og samspel med eit sterkt og proaktivt kompetansemiljø i landbruksforvaltninga i regionen. Kommunane i regionen vil gjennom dette prosjektet få grunnlag for å vurdere om etablering av ei felles landbruksforvaltning i regionen ville bidra til ei slik styrking. Sentrale mål for etableringa er å:

- Utvikle ein større kompetansebredde i landbruksforvaltninga enn det den einskilde kommune vil kunne klare åleine, og gjennom dette kunne styrkje bistanden mot landbruksnæringa og den enkelte gardsbrukar
- Styrkje muligheita for rekruttering til forvaltninga og behalde dagens kompetanse ved å tilby eit stort og bredt kompetansemiljø.
- Effektivisere tenesteproduksjonen og då særleg innan lovpålagte oppgåver og tilskottbehandling.
- Styrkje arbeidet med å skaffe statlege prosjektmidlar på prioriterte områder til landbruksnæringa og forvaltning i regionen
- Styrkje arbeidet med landbruksrelatert næringsutvikling og arbeidet med miljø saker.

- Styrkje arbeidet med landbruksrelatert bygdeutvikling
- Styrkje landbruksforvaltningas samhandling mot andre offentlege myndigheiter.
- Utvikle ein felles landbruksplan i regionen.

Prosjektorganisering:

For å gjennomføre prosjektet vart det etablert ei styringsgruppe, prosjektgruppe og engasjert ekstern prosjektleiar.

Styringsgruppe:

Rådmann Lindås kommune Øistein Søvik, Rådmann Masfjorden kommune Lovisa Midtbø, Rådmann Radøy kommune Christian Fotland

Prosjektgruppe:

Øyvind Thømt Radøy kommune, Mikal Krossøy Austrheim kommune, Laila Bjørge Meland kommune, Laila Nersveen Masfjorden kommune, Arnold Matre Småbrukarlaget, Jostein Hellestveit Bondelaget, Tor Inge Bratteteig Naturvitarane, Randi Eikeland Fagforbundet

Prosjektleiar:

Per Helle Johnsen PwC as

Alle dei tilsette ved landbrukskontora vart også inkludert i møter som ei ”referansegruppe”.

Aktuelle arbeidsoppgåver

Kommunane er usikre på kor mange oppgåver som kan overførast til eit felles landbrukskontor og kva som skal liggje igjen i den einskilde kommune. Det har også vore tankar som går meir i retning av eit felles "Kompetansesenter for landbruk" i regionen. Skilnadane mellom desse ligg nok i kor mykje forvaltningsoppgåver som skal følgje med i eit samarbeid. Aktuelle oppgåver kan vere:

- o Skogbruk
- o Jordbruk
- o Miljø
- o Viltforvaltning
- o Fiskeforvaltning
- o Landbruksvikartenesta
- o Veterinærtenesta
- o Felles landbruksplan
- o Felles landbruksarkiv
- o Landbruksprosjekt utarbeiding
- o Søknad om statlege og fylkeskommunale midlar (STILK og SMIL og liknande)
- o Anna

Høyringsuttalar:

Landbruksrepresentantane i prosjektgruppa har møtt med landbruksnæringa i separate informasjonsmøte for å gjere dei kjent med innhaldet i prosjektrapporten. I etterkant har styringsgruppa sendt rapporten ut til høyring med frist 20. januar 2009. Det er kome inn 7 uttalar innan fristen.

Meland Bondelag, som har hatt to møte der saka har vore drøfta. Meland Bondelag ynskjer å behalda landbrukskontoret slik det er i dag.

Austrheim. Landbruksorganisasjonane i kommunen - bondelaget, landbrukskvinnelaget og sauallslaget:

- Fleirtalet av dei frammøtte er mot eit felles landbrukskontor for 8 kommunar.
- Høyringsprosessen har vore uklår og i Austrheim har det vorte for lite tid til å setja seg inn i saka. Sak bør difor utsetjast.
- Andre former for samarbeid bør vurderast – gjerne for eit mindre område.

Radøy bonde og småbrukarlag:

Styret i Radøy Bonde- og Småbrukarlag har hatt denne saka oppe til drøfting. Her var det delte meininger. Alle var samde om at landbrukskontoret i Radøy fungerte godt slik det var i dag.

Her fann me personar med god lokalkunnskap og god tenesteyting. I framtida vil det koma andre personar, og ting kan endra seg. Difor meinte nokre at det ville vera lettare å byggja opp eit stabilt fagmiljø med større breidde i eit felles kontor i Nordhordland. Andre meinte at ein også i framtida kunne få til eit lokalt landbrukskontor som ville fungera godt. Styret var såleis delt i denne saka.

Norhordland skogeigarlag som omfattar skogeigarane i Lindås, Radøy og Meland kommunar:

Det som kjem fram i rapporten er utmarksressursane ikkje særleg vektlagde ut frå det som vil koma i nær framtid. Skogeigarlaget ber om at det vert ei forvaltnings – og rettleiarteneste som kan ta seg av dei utfordringane næringa står overfor. Det er eit ønskje om at desse utfordringane kjem klarare fram og vert vektlagd i større mon i vidare sakshandsaming. Ut over det har skogeigarlaget ikkje særlege merknader, men dei er betenkte på avstanden til brukarar av landbruksforvaltninga om den vert for stor.

Bondelaga i Lindås:

Austrheim /Lindås Bondelag Alversund/Seim Bondelag Eikanger

Bondelag Solveig Vabø Reidar Konglevoll Roar Angelskår

Lindås kommune er iflg. statistikk i rapporten den kommunen i regionen med flest landbrukseigedomar. Dette viser ikkje att i ressursbruken innan landbruksforvaltninga . Slik har det vore i lengre tid. Landbruket treng eit landbrukskontor som har nok faglege og menneskelege ressursar til å forvalta tilskotsordningane og behandla saker etter lovverket. I tillegg til dette er det ønskeleg at der er ressursar til informasjon, kurs, tiltak – og prosjektarbeid. Kommunen treng eit landbrukskontor både for å gje tenester til innbyggjarane, men like mykje for at det skal vera landbruksfagleg kompetanse i det administrative apparatet. Bondelaga i Lindås støttar opprettinga av eit felles landbrukskontor i regionen. Men me vil understreka at kommunen då må gå inn med minst den kostnaden som ligg i rapporten. Me ser Landbrukshuset i Knarvik som ein naturleg plass for eit felles landbrukskontor. Her vil ein då få eit breitt landbruksfagleg miljø – som vil vera til nytte for dei tilsette og for brukarane. Men samstundes må det opprettast gode rutinar til kvar kommune. Dette vil vera ei framtidretta løysing for heile regionen, og sikra stabilitet i tenesta for næringa.

Forsøksringen i Nordhordland har sendt svar, men vil ikkje ta stilling til kva som er best for næringa.

Fagforbundet har sendt svar. Styringsgruppa viser til vedlagt uttale.

Vurdering:

Prosjektleiari og rådmannsgruppa si styringsgruppe vil anbefale eitt landbrukskontor for regionen i ein vertskommunemodell og ikkje ein oppdeling i fleire kontor innanfor same region. Ein tilrår at regionen får ein felles landbrukssjef som koordinerer dette på vegne av alle kommunane. Dei fleste oppgåvene i kontoret er identiske i alle kommunane, så det vil vere ei sløsing av administrative ressursar å spreie dette utover fleire kontor. Styringsgruppa støttar derimot forslaget om å ha einskilde kontordagar i distriktet for å gi nærleik til brukarane og god kontakt med kommuneadministrasjonane. Dette viste seg å vere vellukka i dei interkommunale samarbeida som allereie har gjennomført dette. Ny landbrukssjef må få i oppgåve å sette dette i system m.o.t. lokalisering av kontordagane og frekvens.

Personalmessige konsekvensar:

I ein vertskommunemodell §28b vil dei tilsette ved landbrukskontora få tilbod om å verte ein del av eit felles kontor under felles leing under ein vertskommune. Dette vil skje i ein dialog og forhandling med dei tilsette. Dei tilsette sine representantar har vore med i prosjektet i heile prosessen og er kjent med prosedyrane for verksemdsoverdraging. Kvar kommune har også gjennomført lokale drøftingar med dei aktuelle tillitsvalde om felles landbrukskontor. Prosjektet vil følgje arbeidsmiljølova, hovudavtalen og alle dei andre lovverka rundt ein slik prosess.

Ressursinnsats:

Med litt over 12 årsverk, vil eit slikt kontor i Nordhordland vere det største landbrukskontoret av sitt slag i Noreg. Dei synergiane som vil kome utav eit slikt samarbeid vil frigjere mykje ressursar som kan nyttast inn mot utviklingsprosjekt og betre oppfølging av landbruksnæringa. Dei einskilde kommunane har måtta ha ei viss minimumsbemanning for å handtere alle dei ymse oppgåvene som eit landbrukskontor må gjere uansett storleik. Det er nok difor ei viss overdimensjonering i eit samanslått felles kontor. Styringsgruppa anbefaler at ein ikkje gjer noko med dette i oppstarten, men at dette kan vurderast fortløpande av den nye landbrukssjefen når kontoret har opparbeidd erfaring med drifta.

Prosjektlear seiar følgjande i rapporten:

”Prosjektlear si vurdering er at etablering av ein felles landbruksforvaltning med det skisserte tenesteinnhald, muliggjer relativ stor effektivisering av oppgåvebehandlninga. Som det framgår av fig. 3 i kapittel 3.1.1 utgjer regelstyrt sakshandsaming og administrasjon om lag 80 % av oppgåvene. Regelstyrt sakshandsaming og administrasjon er tradisjonelt områder som er godt tilrettelagt for effektivisering gjennom god leiing, spesialisering og stordriftsfordelar. Etablering av ein felles landbruksforvaltning krev etter prosjektlear si oppfatning derfor ikkje økte økonomiske rammer i forhold til dagens situasjon for å kunne løyse sine oppgåver.”

Han seier også følgjande:

” Vekst i landbruksforvaltninga sine økonomiske rammer bør etter prosjektlear si vurdering primært skje ved at kontoret sjølv framskaffar offentlege midlar via prosjektsøknader og andre tiltak. Ein slik modell vil også målrette forvaltninga i arbeidet med å auke tildelinga av offentlige midlar til regionen.”

Prosjektgruppa, som består av tilsette ved kontora, tillitsvalde og representantar frå landbruksnæringa ynskjer å auke ressursinnsatsen ved eit felles kontor. Dei nyttar argumentet om at Lindås kommune har lågare ressursinnsats i dag enn dei øvrige kommunane og dei vil helst auke denne opp før ein samanslåing.

Styringsgruppa er, som også prosjektlear, ueinig i dette synet. Sidan Lindås kommune allereie har meir stordriftsfordelar, så vil sjølv sagt nøkkeltala reflektere dette. I ein samanlikning med dei 2 største landbrukskommunane i fylket, Kvinnherad og Voss, så er nøkkeltala meir i tråd med Lindås sine tal. Dette er kommunar som driv eit aktivt og profesjonelt landbruk.

Prosjektlear seiar følgjande i rapporten:

” Ser ein kommunane i Nordhordland si ressursbruk i forhold til andre store landbrukskommunar i Hordaland har Voss en prioriteringsvariable på 239,8 og Kvinnherad på 219,8. Gjennomsnittlig ressursbruk i Nordhordland er såleis relativt mykje større enn det disse kommunane har.”

Dette kan tyde på at dei mindre kommunane i dag har ein overkapasitet mykje pga behovet for å ha ei fullgod teneste på tross av mindre kundebase. Det er ikkje lett å rekruttere fagpersonar med spesialkompetanse innanfor landbruk i svært små brøkstillingar. Prioriteringsvariabelen bør derfor ligge høgare i eit stort kontor enn den ligg i mindre kontor eller i ei samanlikning der fleire mindre kontor berre summerast. Lindås kommune må imidlertid rekne med å yte eit større bidrag enn dagens for å bli ein del av eit felleskontor på ca. 12 årsverk, men på sikt vil ein måtte vurdere samla ressursinnsats etter at erfaringar vert gjort i eit nytt felles storkontor.

Utgangspunktet må vere å skape eit felles kontor som kan yte betre tenester til landbruksnæringa og hjelpe til med å stimulere denne næringa til å vekse til tross for at nasjonale trendar viser det motsette. Om ein vurderer alternativet med å ikkje gjere noko med strukturen på landbruksforvaltninga, så er det sannsynleg at den negative spiralen vil fortsette i vanskelege økonomiske tider. Landbruksforvaltninga er ikkje regulert på same måte som mange andre av dei kommunale tenestene, så faren for nedskjeringar i sektoren er overhengande. Dette vil svekke støtteapparatet til landbruksnæringa ytterlegare.

Lokalisering:

Når det gjeld lokalisering, så er dette ofte eit tema som øydelegg for interkommunale samarbeid. Tradisjonelt har dette vore ein av grunnane for at fornuftige samarbeid strandar. Regionrådet har vorte einige om at det er viktigare å hente ut konstruktive synergjar i gode samarbeid innad i regionen enn å kjempe for å behalde alle funksjoner i eiga kommune.

Styringsgruppa minner om konklusjonane i kommunesamanslutningsprosessen, som var at kommunane skulle samarbeide betre som alternativ til samanslåing. Styringsgruppa ville helst sett ei samlokalisering av eit felles landbrukskontor med landbruksnæringa i eit "Landbrukets hus". Alternativt i eit felles "Nordhordlandsbygg", som kunne ha husa fleire interkommunale samarbeid.

I mangel på desse alternativa vil styringsgruppa rå til at kontoret vert lagt til Meland kommune (Frekhaug).

Styrking av kompetanse/utvikling av fagmiljø:

Styrking av fagmiljøa er eit godt argument for felles kontor. Det er klart at det vert einsamt å drive landbruksforvaltning som einaste sakshandsamar i kommunen. Dei fleste kontora i Nordhordland har 1 eller 2 sakshandsamare. Dynamiske fagmiljø der det er høve for å drive kontinuerleg intern opplæring og utvikle spisskompetanse klarer å rekruttere betre fagpersonell enn eit miljø der fagpersonen vert den einaste med landbruk som okusområde. Dette er same argumentet som blir nytta rundt utvikling av for eksempel felles IKT drift. Ei lokalisering i nærleiken av regionsenteret (Knarvik) vil gjere det meir attraktivt for kandidatar frå Bergensområdet å søke. Det er framleis ei utfordring å rekruttere profesjonelle medarbeidarar til dei ytre distriktsområda. Fleire av kommunane har generasjonsskifte på gong og dette er difor ein god tid til å satse nytt med eit felleskontor.

Konklusjon:

Landbruksnæringa treng all den kompetanse og støtte som råd er i tida framover. Eitt felles landbrukskontor vil gi eit sterkt kompetansesenter der sakshandsamarane kan spesialisere seg og frigjere tid til å tiltrekke offentlege midlar til regionen. Det er ikkje lengre slik at midlane berre blir fordelt til dei einskilde regionane. Det trengs gode prosjekter og ikkje minst gode overordna planar for utviklinga. Dette vil vere ei strategisk avgjerd som også vil mogeleggjere andre potensielle samarbeidsprosjekt mellom kommunane i framtida.

Kommunane må fatte likelydande vedtak i saka for å kunne realisere dette interkommunale samarbeidet. Det synes ikkje å vera semje rundt omkring i alle kommunar om å gå for rådmennene si innstilling om eitt felles landsbrukskontor. Derimot har spørsmålet om å gå inn for 2 eller 3 kommunegrupperingar vore vurdert som interessant, men rådmennene finn det ikkje rett å koma med konkrete framlegg om kva grupperingar kommunane bør dela seg opp i.

Rådmannsgruppa har i denne sak ei primær og ei subsidiær innstilling til styret i Regionrådet:**Primært:**

Rådmannsgruppa tilrår at styret i Regionrådet Nordhordland IKS sender saka til kommunane med oppmoding om slikt vedtak:

(_____ kommune) går inn for å delta i eitt felles interkommunalt landbrukskontor for Nordhordland snarast. Samarbeidet vert etter vertskommune modellen §28b.

Administrasjonen får i oppgåve å realisere det praktiske rundt overgangen til felles landbrukskontor snarast.

Subsidiært:

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tar rapporten om felles interkommunalt landbrukskontor til orientering.

Saka vert sendt medlemskommunane med oppmoding om å drøfta eventuelt samarbeid gjennom kommunegruppering som den einskilde kommune finn det naturleg å ta del i.”

VURDERING FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Etter at saka vart oversendt kommunane for handsaming, har rådmannen hatt møte med organisasjonane i landbruket. Referat frå møtet følgjer her:

«Sdo_Tittel»

Tid: 11.05.09 kl. 15.15

Stad. Møterom på kommunehuset

Frammøtte: Lovisa Midtbø, Rådmann, Laila Nersveen, Landbrukssjef, Ottar Myrtveit, Fagkonsulent landbruk, Bjørn Egil Haugsvær, Leiar Bonde og småbrukarlaget i Masfjorden, Gerd Astrid Haugsvær, Leiar Bondelaget i Masfjorden

Tema: Felles landbrukskontor i Nordhordland.

Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget er negativ til eit felles landbrukskontor. Dei meiner landbrukskontoret i kommunen fungerer godt. Dei visar til at forslaget om felles landbrukskontor og rapporten som er utarbeid er lite konkret. Leiar for Bonde og småbrukarlaget seiar at dei er redd for at prosjektet vert eit spareprosjekt der det vert nedskjering av bemanninga. Det er inga lovnad om at 12 stillingar vert oppretthalden i det nye landbrukskontoret. Han viser også til at dei tilsette på landbruk i Masfjorden kommune vert nytta til mange saker som ikkje er typisk landbruksaker, og at dei difor er viktig for kommunen også i andre samanhenger.

Leiar for Bondelaget seier også at dersom det skal vere eit felles landbrukskontor kan det like gjerne ligge i Masfjorden. Det er ikkje nødvendig at alle felleskontor skal leggjast til sentrumsnære område.

Viser dessutan til skrifteleg uttale frå Bonde og småbrukarlaget.

«Sbr_Navn» «Sbr_Tittel»


Masfjorden bonde- og småbrukarlag har levert følgjande uttale:



MASFJORDEN BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Møte 04.05.09 med Masfjorden kommune, ang. felles landbrukskontor i Nordhordlandsregionen

- ◆ Masfjorden bonde- og småbrukarlag er sterkt imot samanslåing av alle landbrukskontora i regionen, og spesielt ei samanslåing med Lindås kommune.
- ◆ Me kan ikkje sjå at Masfjorden kommune, som har eit velfungerande landbrukskontor med kompetente folk, har noko å tene på å slå seg saman med landbrukskontor i kommunar som har nedprioritert landbruket over lang tid.
- ◆ Eit tettare samarbeid og kjøp/sal av tenester mellom landbrukskontora i regionen er noko me kan vere med å diskutere, men ei samanslåing av alle kontora ser me på som lite teneleg for landbruket i Masfjorden.
- ◆ Masfjorden bonde- og småbrukarlag har fått for lite tid til å sette seg grundig nok inn i denne saka, og til å få tilbakemeldingar frå alle medlemmane. Difor bør saka utsettast. Styret har behandla saka, og er einstemmig imot samanslåing. Ein av hovedgrunnane til dette vedtaket, er at det ikkje ligg inne nokon garanti for at dei stillingane som i dag er på landbrukskontora vil bli oppretthaldne i det nye felles kontoret. Landbruket treng all den kompetanse og støtte som råd er i tida framover, og difor kan me ikkje gje frå oss ein einaste stilling. Det kjem heller ikkje fram korleis dette kontoret skal fungere, med antal stillingar, plassering av kontoret, kostnader osv. Sidan enkelte kommunar i regionen satsar på landbruket og tek vare på landbruket medan andre kommunar ikkje gjer dette i det heile, ser me for oss at eit felles landbrukskontor vil føre til dårlegare tenester for oss i Masfjorden.
- ◆ Masfjorden kommune har eit stort behov for at det er landbruksfagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen, og dette vil bli sterkt svekka med ein felles kontor utafor kommunen.

 MASFJORDEN KOMMUNE	
Sak.nr. 08/04	Jpost
Dok.nr.	
07 MAI 2009	
Saksh: LN1	Kopi:
Arkiv: 016 SEP	Arkiv:
Kassasjonsår	Gradering

Rådmannen har merka seg at det ikkje ser ut til å vera fleirtal og vilje hjå kommunane i Nordhordland til eit felles landbrukskontor i regionen i denne omgang. Heller ikkje bøndene sine organisasjonar i Masfjorden går inn for dette. Rådmannen tar dette til orientering.

Rådmannen meiner at det er viktig at Masfjorden kommune er open for samarbeid som tener kvalitet og effektivitet , og vil på bakgrunn av dette tilrå at kommunestyret vedtar at kommunen vil gå i drøftingar om samarbeid med ein eller fleire andre kommunar om samarbeid og felles løysingar for tenestene på landbrukskontoret. Då kan ein få fram konkrete alternativ for endeleg avgjerd.

KONKLUSJON

Rådmannen har slikt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre tar saksutgreiing og rapport om Felles landbrukskontor i Nordhordland til orientering.

Masfjorden kommune ønskjer ei drøfting av eventuelt samarbeid med andre kommunar det er mogleg å finna felles løysing saman med.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.05.2009	039/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.05.2009	039/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 06/987
--------------	---------------------

SAK 039/09 - FELLES SKATTEKONTOR FOR NORDHORDLAND - SKATTEOPPKREVJARKONTOR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går ikkje inn for å delta i eit felles skatteoppkrevjarkontor for Nordhordland med verknad 01.01.2010, slik prosjektet ligg føre pr. dato.

Utskrift til:

Meland kommune
Reginrådet Nordhordland IKS

FS-039/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune går ikkje inn for å delta i eit felles skatteoppkrevjarkontor for Nordhordland med verknad 01.01.2010, slik prosjektet ligg føre pr. dato.

Finansiering

Heimel

Det skjedde i Formannskapet den 18.05.2009:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle signaliserte at Høgre vil koma med endringsframlegg i saka i kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-039/09 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune stiller seg positiv til samarbeid innan skatteområdet.
2. Masfjorden kommune går ikkje inn for å delta i eit felles skatteoppkrevjar kontor for Nordhordland med verknad frå 01.01.2010, slik prosjektet ligg føre pr dato.
3. Det er aktuelt for Masfjorden kommune å kjøpe tenester frå felles skattekontor kring arbeidsgjevarkontroll og tyngre innkrevjingssaker med verknad frå 1.1.2010.
4. Intensjonen er at Masfjorden kommune ønskjer å slutte seg til felles skattekontor på litt sikt, og at fjernkontorløysing må vurderast i den samanheng.

Finansiering**Heimel****Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:**

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om at han hadde laga eit alternativt framlegg.

1. Masfjorden kommune stiller seg positiv til samarbeid innan skatteområdet.
2. Masfjorden kommune går ikkje inn for å delta i eit felles skatteoppkrevjar kontor for Nordhordland med verknad frå 01.01.2010, slik prosjektet ligg føre pr dato.
3. Det er aktuelt for Masfjorden kommune å kjøpe tenester frå felles skattekontor kring arbeidsgjevarkontroll og tyngre innkrevjingssaker med verknad frå 1.1.2010.
4. Intensjonen er at Masfjorden kommune ønskjer å slutte seg til felles skattekontor på litt sikt, og at fjernkontorløysing må vurderast i den samanheng.

Saka vart drøfta.

Willy Borge, sa at Frp vil støtte det nye framlegget frå rådmannen.

Liv Oda Dale, sa at Ap vil støtta det opprinnelege framlegget på rådmannen, men at pkt 3 i det endra framlegget er i tråd med det som Ap tenkjer og at det kunne takast med i framlegg til vedtak.

Karstein Totland, sa at Høgre vil støtta det nye framlegget frå rådmannen

Vigdis Søvik, sa at Sp støttar det nye framlegget.

Kari Skår Sørheim, sa at KrF ville støtta det nye framlegget då det er litt meir utfyllande enn det opprinnelege.

Det vart halde gruppemøte.

Møtet vart sett att kl. 14.30.

Liv Oda Dale, Ap, ba om at det vart røysta punktvis over det nye framlegget.

Røysting:

Det vart røysta over pkt. 1-3 samla.

Pkt 1- 3 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 vart vedteke med 12 røyster mot 5 røyster (Ap)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	19.10.2006	Meland kommune v/Kjell Hjertås	Felles skattekontor for Nordhordland
2	I	16.01.2007	Meland kommune	Felles skattekontor i Nordhordland
3	U	22.01.2007	Meland kommune v/Kjell Hjertås; Meland kommune	Felles skattekontor i Nordhordland
4	I	26.02.2008	Meland kommune	Felles skattekontor for Nordhordland
5	I	20.06.2008	Helge Thorsen	Vedk prosjekt Felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland
6	I	05.09.2008	Meland kommune	Notat
7	I	22.10.2008	leiar i styringsgruppa Helge Thorsen	Vedk felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland
9	I	24.11.2008	Rådmann Lovisa Midtbø	Brev til skatteoppkrevar om uttale til sak om felles skatteoppkrevarkontor i Nordhordland
10	I	25.11.2008	Skatteoppkrevjaren i Masfjorden Mary Hope	Uttale til sak om felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland
12	I	10.12.2008	Meland kommune	Meland kommunestyre - felles skatteoppkrevjarkontor
13	I	05.02.2009	Meland kommune	Felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland
14	I	25.03.2009	Regionrådet Nordhordland IKS	Felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordlandsregionen - Utskrift frå Regionrådet sak 19/09
11	U	06.05.2009	Meland kommune v/Helge Thorsen	Melding om vedtak Felles skattekontor for Nordhordland
16	I	15.05.2009	Meland kommune	Vedtak frå Meland kommune om

felles regionalt
skatteoppkrevjarkontor

SAKSVEDLEGG:

Prosjektrapport frå Agendum av 10.mars 2009.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Arbeid med felles skattekontor for Nordhordland har pågått over lengre tid, etter initiativ frå kommunane Radøy, Meland og Lindås.

Etter omorganiseringa av skatteetaten frå 1. januar 2008 der likningskontor, skattefutkontor og fylkesskattekontor vart slått saman og regionalisert, har skattekontora blitt meir spesialisert, mens de tilsette ved skatteinnkrevjarkontora i stor grad er generalistar.

Det er krevjande å bygge opp og vedlikehalde kontaktflatene mellom to organisasjonar som er organisert på så ulike måter. Gjennom etablering av eit større skatteinnkrevjarkontor kan skatteinnkrevjarane i Nordhordlandskommunane få eit meir likeverdig miljø med Skatt Vest.

Etablering av større og meir attraktivt fagmiljø for skatteinnkrevjarane er blant anna viktig for å rekruttere og å ta vare på yngre høgt utdanna arbeidstakarar. For kommunar utanfor dei sentrale strøk vil kampen om arbeidskraft vere svært viktig framover, ettersom etterkrigsgenerasjonen går ut av arbeidsmarknaden i løpet av de neste tiåra. Større eining vil derimot lettare kunne møte einsskilte sine ynskjer om utfordrande oppgåver.

HØYRING

Regionrådet sitt vedtak kring felles skattekontor i Nordhordland.

Sak 19/09 Felles regionalt skatteoppkrevjarkontor

Samrøystes vedtak:

Regionrådet Nordhordland IKS sender saka til kommunane med oppmoding om å vurdere å delta i eit felles skatteinnkrevjarkontor for Nordhordland. Kontoret bør vera operativt frå 01.01.2010.

Planen er å etablere kontoret etter vertskommunemodellen § 28b, med Lindås kommune som kontoretablerar.

Administrasjonen i den einsskilte kommune vil få i oppgåve å realisere det praktiske rundt overgangen til felles skatteinnkrevjarkontor..

UTTALE

Skatteoppkrevjar jf. B-sak 1/08 av 3.desember 2008.

Uttale til sak om felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland


Viser til e-post datert 24.11.08 der du ber om ei vurdering av det faglege behovet som kommune vår har for å samarbeida med andre om skatteinnkrevjing.

Masfjorden kommune har kun ein person som til dagleg jobbar med skatterekneskapen og innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift. Kommunen er difor svært sårbar ved langtidsfråvær og ferieavvikling.

Med berre ein tilsett på skatteavdelinga, blir dei stadig aukande krava til fagkompetanse og internkontroll vanskeleg for kommunen vår å følgja opp. Eit felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland vil kunne knyte til seg høgare fagkompetanse innan fagområda, i tillegg til at det blir utvikla eit sterkare fagmiljø.

Skatteoppkrevjaren i Masfjorden meiner difor at Masfjorden kommune bør gå inn for intensjonsavtalen som samarbeidsgruppa har utforma.

Med helsing


Mary Høpe
Skatteoppkrevjar

VURDERING (SAKA OM INTENSJONSAVTALE FELLES SKATTEKONTOR 3.12.08)

Ein legg i denne omgang vedtak på uttale frå skatteoppkrevjar, og saka skal attende til politisk avklaring når endeleg prosjektrapport og tilråding føreligg – kor ein då tek nærare vurderingar av status i saka.

FSB-001/08 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar intensjonsavtalen om felles skatteoppkrevjarkontor for kommunane i Nordhordland.

Skatt vest positiv og støttar framlegget til felles skattekontor i Nordhordland.

Dei andre kommunane sine vedtak/framlegg;

Lindås	ja til felleskontor
Radøy	ja til felleskontor
Meland	ja til felleskontor
Osterøy	
Austrheim	nei til felleskontor
Fedje	
Modalen	

FAKTA

Samordning av skatteinnkrevjarfunksjonane i kommunane i Nordhordlandsregionen vart første gong drøfta i 2005.

Skattefuten i Hordaland uttalte seg positivt til eit samarbeid om skatteinnkrevjarfunksjonen i brev av 17. januar 2006. Det har sidan vore ei utvikling der fleire skatteinnkrevjarar i landet har gått saman og etablert felles kontor og 1.1.2009 tok ny skattebetalingslov (sktbl.) til å gjelde som har gjort samanslåing av skatteinnkrevjarkontor enklare. Til dømes er det ikkje lenger nødvendig for kommunestyra å gjere noko i forhold til særnamnsmynde i samanheng med samanslåing av skatteinnkrevjarar, da det ikkje lenger er nødvendig med særleg mynde frå direktoratet for å halde utleggspant og utleggstrekk. Kompetansen til å holde utleggsforretning og å nedlegge utleggstrekk er nå heimla direkte av loven, jf. §§ 14-3 og 14-4.

I møte 11. februar 2008 mellom rådmennene og skatteinnkrevjarane i Lindås, Radøy og Meland kommune ble det konkludert med at det skulle innhenta tilbod om ekstern bistand med utgreiing av grunnlag for prosessen med etablering av felles skattekontor i Nordhordland. I etterkant av dette vart arbeidet organisert som eit prosjekt med ei styringsgruppe, ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe. Styringsgruppa har bestått av rådmennene i Meland og Austrheim kommunar, samt økonomisjefen i Meland kommune. Rådmannen i Meland har vore leiar.

Arbeidsgruppa har bestått av fire personar frå Lindås, Meland og Radøy kommuner samt tillitsvalde frå fagforbundet i Radøy. Referansegruppa har vore satt saman av personar frå ulike kommunar med ulikt fagansvar. Skatt Vest har også vore representert i referansegruppa.

Eksterne konsulentar vart engasjert i juni 2008 og 2. oktober 2008 ble det avvikla eit felles implementerings- og informasjonsmøte rundt felles skatteinnkrevjarkontor. Tilstades var dei deltakande kommunane, tilsette som i dag arbeider med skatteinnkrevjing samt aktuelle tillitsvalde. I møtet ble først og fremst arbeidsgjevar sitt forhold til dei tilsette og tillitsvalde relatert til gjennomføring av etablering av felles skatteinnkrevjarkontor diskutert. Etter møtet vart det utarbeida ein intensjonsavtale for det vidare arbeidet som ble sendt til alle kommunane for godkjenning.

Fylkesmannen har støtta prosjektet etablering av eit felles skatteinnkrevjarkontor i Nordhordland med kr. 500.000,-.

Organisering:

Kommunestyra i alle deltakarkommunane vedtar rammene for samarbeidet som skal utførast på eit administrativt plan, kommunestyret i samarbeidskommunane gir instruks til eigen administrasjonssjef om delegering til administrasjonssjefen i vertskommunen.

Vertskommuneløysning utan nemnd er den aktuelle organisasjonsforma for skatteinnkrevjarkontoret i Nordhordland.


Heimelen for administrativt vertskommunesamarbeid er i kommunelova § 28 b:

1. *En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.*
2. *Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.*
3. *Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.*

4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.
5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.
6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.

I samsvar med intensjonsavtalen om felles skatteinnkrevjarkontor skal kontoret ligge i Knarvik og Lindås kommune vil derfor få rollen som "vertskommune", mens dei andre deltakande kommunar vert nemnd som "samarbeidskommune". Vertskommunen skal utføre oppgåver og treffe avgjerder etter *delegert* mynde frå samarbeidskommunane. Korleis dette vert gjort føl av kommuneloven § 28 b nr. 3 .

Kommunestyret i samarbeidskommunane gir instruks til eigen administrasjonssjef om delegering til administrasjonssjefen i vertskommunen. Informasjonen mellom kommunane må regulerast i samarbeidsavtalen.



* Bare saker av ikke prinsipiell betydning

Figur: Administrativ vertskommunesamarbeid etter kommuneloven § 28 b – omarbeiding av figur fra høringsnotat om forslag til nye lovregler om interkommunalt samarbeid av 4.7.2005 Det må utarbeidast ei skriftleg samarbeidsavtale som skal vedtakast av alle kommunestyra som deltek i samarbeidet. I tillegg må det i dei ein skilde kommunestyra vedtakast ein instruksjon til eigen rådmann om å delegere mynde vidare til rådmannen i vertskommunen.

Tilhøvet til dei tilsette:

Tilhøvet til dei tilsette og dei tilsette si medverknad ble er eit viktig suksesskriterium for ei vellukka prosess og for et vellukka resultat. Prosjektet med etableringa av felles skatteinnkrevjarkontor i Nordhordland har difor heile tida hatt tilhøvet til dei tilsette i fokus. I samtaler, korrespondanse og utarbeiding av skriftlig materiale har dei tilsette sitt tilhøve vore eit aktuelt tema.

I implementeringsmøtet med arbeidsgruppa, styringsgruppa og dei aktuelle kommunane 2. oktober 2008, vart dette momentet framheva og aktuelle lov- og vilkår i avtaler vart gjennomgått i plenum med arbeidsgjevarar, dei aktuelle tilsette og tillitsvalde tilstade. Det er utarbeida fleire notat og skriftleg materiale til arbeidsgruppa og de deltakande kommunane som har påpeika tilhøvet til dei aktuelle tilsette og kva kommunane er blitt råda til å gjere som arbeidsgjevarar. I tillegg har arbeidsgruppa orientert styringsgruppa om dei tilsette sine tilhøve. Meir om dei tilsette sine tilhøve, sjå rapporten.

Oppgåver til det felles skatteinnkrevjarkontoret:

Ved eit skatteinnkrevjarkontor vert det utført ulike oppgåver.

Desse oppgåvene er skatterekneskap, skattinnkrevjing, arbeidsgjevarkontor, innkreving av kommunale krav(vatn- og kloakk, eigedomsskatt og feieavgift) og administrasjon.

Storleiken på kontoret:

Tal tilsette innan skatt i regionen utgjer 8 årsverk pr. mai 2009. Samanlikna med andre regionar som har slått seg saman, bør bemanninga styrkast. Arbeidsgruppa har tenkt seg oppgåver kring innkrevjing av kommunale krav, her under og eigedomsskatt og at auken på 2 årsverk reelt kjem inn på dette området.

Kommune	Anslått antall årsverk ut frå samanlikning med Follo	Fordeling av arbeidsoppgåver ved auke på 2 årsverk i Nhl.
Arbeidsgjevarkontroll	3,0	2,0
Innkrevjing skattekrav arbeidsgivarar	1,0	1,0
Innkrevjing skattekrav personar	3,5	3,0
Skatterekneskap	3,5	1,0
Merkantil	0,4	
Rådgivar	0,4	
Kemner	0,4	1,0
Sum skatte innkrevjing	12,2	8,0
Innkrevjing kommunale krav	3,5	2,0
Samla tal tilsette	15,7	10,0

Då kommunane i dag har 8 årsverk totalt, må ein del oppgåver prioritast ned, og det må takast omsyn til at innføring av SOFIE har ført til mindre arbeid knytta til skatteregnskap, IKT, arkiv med vidare. Som vist i rapporten har kommunane i Nordhordland for få arbeidsgjevarkontrollar i dag i forhold til målet til skattedirektoratet, og det vert råda til å auke med to årsverk for å kunne nærme seg dette målet.

Når det gjeld innkrevjing av kommunale krav er det ikkje klart kor mange årsverk som vert nytta i dag, men ein bør minst nytte 2 årsverk på dette ved det felles skatteoppkrevjarkontoret. Det betyr at den samla ressursinnsatsen vil være 10 årsverk.

Lokalisering:

Tanken er at nærleiken til Skatte Vest (likningskontoret) sitt kontor i Knarvik er viktig.

Det vert jobba med avtale som sikrar lokale i dette miljøet.

Fordeling av kostnader på kommunane:

Sjå eiga vedlegg med utkast til budsjett.

Totale driftsutgifter for kontoret er berekna til kr. 6.016.000.(10 stillingar medrekna leiar)

Det er tenkt eit grunnbeløp for kvar kommune på kr. 250.000,-.

Fordeling pr kommune, inkl grunnbeløp		
Austrheim	2576	523 206
Fedje	596	313 211
Lindås	14036	1 738 633
Masfjorden	1652	425 208
Meland	6478	937 045
Modalen	351	287 226
Osterøy	7352	1 029 740
Radøy	4825	761 731
	37866	6 016 000

Pr. 17. april 2009 er disse tala revidert og framstår no slik;

Budsjett felles skatteoppkrevjarkontor for Nordhordland

Tala er eit førebels overslag

	Felles	E-skatt	Total
Fast løn	3 210 000		3 210 000
8 stillingar, medrekna leiar			
Løn innfordring eigedomsskatt 0,5 årsverk		200 000	200 000
Sosiale kostnader, 30% AGA, pensjon, gruppeliv	963 000	60 000	1 023 000
Sum løn og sosiale kostnader	4 173 000	260 000	4 433 000
Kontormateriell	10 000		
Faglittertur, aviser etc	6 000		
Porto	200 000		
Telefon, datakommunikasjon	10 000		
Annonser, informasjonsmateriell	50 000		
Kurs og opplæring	50 000		
Reiseutgifter	35 000		
Husleige	560 000		
Drift SOFIE m.v.	100 000		
Inventar og utstyr	15 000		
Andre driftsutgifter	30 000		
Sum driftsutgifter	1 066 000	-	1 066 000
Sum driftsutgifter	5 239 000	260 000	5 499 000

Grunnbeløp pr kommune 100 000

Fordeling pr kommune, inkl grunnbeløp				
Austrheim	2576	401 982		401 982
Fedje	596	169 869		169 869
Lindås	14036	1 745 429		1 745 429
Masfjorden	1652	293 663		293 663
Meland	6478	859 411	90 286	949 696
Modalen	351	141 147		141 147
Osterøy	7352	961 869	102 467	1 064 336
Radøy	4825	665 631	67 247	732 878
Total	37866	5 239 000	260 000	5 499 000

Når ein samanliknar kostnaden ved felles kontor, må det takast omsyn til alle driftskostnader kommunen har i dag, t.d. avtale med Bergen om ettersyn, kontor- og datakostnader.

Arbeidet framover mot etablering av kontoret:

Det er utarbeida ei eigen framdriftsplan for det vidare arbeidet med etablering av skatteoppkrevjarkontoret. Sjå siste avsnitt i rapporten.

Arbeidsgruppa og styringsgruppa rår til at det vert etablert eit felles skatteoppkrevjarkontor i Nordhordland for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy som er i operativ drift den 01.01.2010.

Spesielt for vertskommunen (Lindås, saksa frå saksutgreiinga til Lindås kommune)

Så langt i saka er saka likelydande for alle kommunane som er med i prosjektet. I dette avsnittet vil rådmannen i Lindås peike på forhold som er spesielt for vertskommunen:

Ei organisering ut frå ein vertskommunemodell slik som skissert i saka er tenleg, og for Lindås kommune, som er peika på som vertskommune. Avgjerande for vertskommunen er ein organisasjonsmodell som fungerer, eit realistisk budsjett som fordeler kostnadane riktig mellom kommunane. Dette vert ein del av avtalen mellom vertskommunen og dei andre kommunane, og som ein vil kome tilbake til.

Som vertskommune er det avgjerande å få til gode personalprosessar i overgangen, både i forhold til eigne tilsette som får tilbod om å fylgje over i det nye kontoret, og ikkje minst prosess, tilbod og avtalar i forhold til medarbeidarar som i dag arbeider med skatt i dei andre kommunane. Når eit prinsippvedtak er gjort vil Lindås kommune som vertskommune umiddelbart ta eit initiativ slik at arbeidsgivarsida i kommunane kan ha ein mest mogleg koordinert og ryddig prosess overfor aktuelle tilsette, der arbeidstakarorganisasjonane har ei viktig rolle. Rådmannen konstaterer at det er gjort eit godt grunnlag i prosessen så langt for å få dette til. Rådmannen legg og parallelt med denne saka fram ei vurdering av arbeidsmiljøkonsekvensane for AMU.

I samband med dette er det og viktig å kjøre prosessane så raskt at ein kan rekruttere i dei stillingane i kontoret som ikkje vert fylt opp etter at noverande tilsette i tenesta i kommunane har meldt tilbake sin avgjerd om å gå inn i det nye kontoret. Kva alternativ medarbeidarane får frå sine arbeidstakarar, og kva fleksibilitet ein kan drøfte seg fram til vil erfaringsmessig ha betyding for kor godt desse prosessane vil gå. For å få god kontinuitet ved oppstart av det nye kontoret er det viktig å ha stor grad av deltaking frå tidlegare tilsette i skatt i kommunane.

Forslag til vedtak er formulert likelydande for alle kommunane. Men det er viktig for Lindås som vertskommune, å ha det som er skrive inn i dette avsnittet som eit bakteppe for eit vedtak i Lindås.

VURDERING

Etter revidert utkast skal Masfjorden betale kr. 293.663 for skatteoppkrevjartenester ved å overføre desse oppgåvene til eit felles skattekontor. Drift av skattekontor i Masfjorden med utgangspunkt i tal frå 2008 rekneskaper tilseier samla kostnad på om lag 535.000 om ein legg til grunn at skatteoppkrevjar kun arbeidar med skatt. I kommunar på Masfjorden kommune sin storleik, må ein involverast i andre oppgåver og, og reelt sett siste år etter ein grovkalkyle var eigne kostnader ved drift av skattekontoret om lag 304.000,-. Slik at økonomisk sett kan eit samarbeid vere gunstig. Med slik budsjett føreligg frå arbeidsgruppa, kan det vere ein del som tyder på at framlagde budsjett er for lite realistisk, med urealistisk låge totalkostnader. Kva med etableringskostnader – opprette 8-10 arbeidsplassar, kostnader for dette framkjem ikkje – fordeling av desse. Lite er avklart (leiar, ingen dialog, formelle forhold lokalt, overføring Lindås) – lite fleksibelt opplegg (alle må til Knarvik, gradvis tilpassing ikkje akseptabelt – til tross for plassproblem i bygg samlokalisert med skatt vest – Nordhordland likningskontor) og liten dialog (mellom kommunane, mellom dei som arbeidar innan skatt og som vert part i kontoret). Kompetanse, felles skattekontor basert på noverande tilsette – har ein kartlagt tilstrekkeleg til å få eit kontor opp å gå pr. 1.1.2010?

Masfjorden kommune er sårbar med få tilsette innan dei ulike funksjonar innan økonomi. Ved å ta deler av oppgåvene vekk og ikkje minst tilsette vekk, vert ein enno meir sårbar og ingen tilsette til overlapping og kvalitetssikring. Tek ein vekk eine delfunksjonen, fell fort grunnlaget for dei andre oppgåvene vekk, og ein heller difor i mot å gå inn for samlokalisering og sentralisering av oppgåvene.

Sentrale skattemyndigheiter har over tid arbeid for å statleggjere skatteoppgåvene, og arbeid til tross for at dei ikkje vinn fram politisk for statleggjering eller samlokalisering og større einingar. Rammevilkåra vert etterkvart slik at det vert stadig vanskelegare å operere som 1 mannskantor. Oppgåvene i Masfjorden vert ivareteke på ein god måte, og ein ser ingen grunn til å gje etter for press i denne omgang. På litt sikt kan det vere at ein kan tilrå samlokalisering, når regionkontoret har fått sett seg.

Skatteoppkrevjar har gitt ein positiv uttale til felles skattekontor, men ønskjer ikkje sjølv å arbeide ved det nye kontoret.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune går ikkje inn for å delta i eit felles skatteoppkrevjarkontor for Nordhordland med verknad 01.01.2010, slik prosjektet ligg føre pr. dato.

Avgjerdsgrunnlaget er for usikkert og ein reknar med at samla kostnader med felles drift vert høgare enn prosjektet/rapporten legg opp til. Masfjorden kommune stiller seg positivt til tettare samarbeid innan skatteområdet, og kan tenkje seg å prøve dette ut ved å overføre einskilde oppgåver til det nye kontoret som ein no får stetta frå andre, som (Bergen kommune) kring arbeidsgjevarkontroll og evt. andre skatteoppgåver etter behov. Ein meiner og at arbeidsgruppa burde opne for alternative organisasjonsformer, og opne for gradvis overgang til felleskontor – slik prosjektet har vorte køyrt fram har ein hatt for stor fokus på felleslokalisering med skatt vest. Ein har med tilsette å gjere, som treng oppfølging og tilpassing, og vi har ikkje eit eige skattekontor som kun arbeidar med skatteoppgåver, slik at ein enkelt kan skilje ut desse oppgåvene frå kommunen utan at det får konsekvensar for heilskapen innan arbeidsoppgåvene innan økonomi.

Skatteoppkrevjaren i Masfjorden ønskjer ikkje å arbeide i eit felles skattekontor i Knarvik, slik at skal vi overføre skatteoppgåvene til eit felleskontor, må vi leggje til rette andre oppgåver internt. Dette krev ein intern prosess som vi ikkje har starta opp.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	027/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	28.05.2009	040/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	28.05.2009	037/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr.: 09/123
----------------	---------------------

SAK 040/07 - RULLERING AV KOMMUNEPLANEN - OPPSTART - PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 33-2 vert planprogram for rullering av kommuneplanen for Masfjorden kommune godkjent slik han ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutredninger

Utskrift til:

Høyringspartane

KS-040/09 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 33-2 vert planprogram for rullering av kommuneplanen for Masfjorden kommune godkjent slik han ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutredninger

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Saka var handsama i FUP tidlegare på dagen. Møteboka frå FUP vart delt ut.

Saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det er viktig å tenkje godt over kva ein vil med kommuneplanen.. Den skal vera eit godt arbeidsverktøy som ein kan jobba etter i mange år. Det må ikkje bli slik at planen blir endra på kvar gong nokon har ynskje som går utanom planen.

Willy Borge, Frp, spurde om korleis prosessen ville bli framover og om det ville bli bygdemøter slik som førre runde med kommuneplanen. Det er viktig å ha slike møter om enn ikkje så mange som tidlegare.

Rådmannen ba partia vera meir aktive i prosessen, men det ville ikkje bli lagt opp til bygdemøter slik som sist.

Ordførar sa at FUPville få høve til å drøfta møtebehov og møteopplegg i sitt møte den 09. juni.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FUP-037/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 33-2 vert planprogram for rullering av kommuneplanen for Masfjorden kommune godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 28.05.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FUP-027/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Rådmannen orienterte om at planprogrammet ikkje var ferdig redigert og bad om at saka vart utsett.

Rådmannen sitt framlegg om utsetting vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	09.03.2009	Lindås kommune	Ber om utsett frist - uttale til planprogram - kommuneplan for Masfjorden kommune
7	I	10.03.2009	Bergvesenet	Rullering av kommuneplanen - planprogram til offentlig høyring
6	U	11.03.2009	Lindås kommune	Svar - Ber om utsett frist - uttale til planprogram - kommuneplan for Masfjorden kommune
8	I	17.03.2009	Heimetenesta Indrefjorden v/Elin Eikemo	Innspel til kommuneplanen i høve planar tilbod til eldre
9	I	25.03.2009	Den norske kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd	Uttale - rullering av kommuneplanen - oppstart planprogram
10	I	27.03.2009	NVE	Uttale til planprogram - rullering av kommuneplan Masfjorden kommune
11	I	03.04.2009	Fiskeridirektoratet Region Vest	Ber om forlenga frist for uttale
14	I	07.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Anmodning om utsett høyringsfrist, rullering av kommuneplanen
12	I	10.04.2009	Utdanningsforbundet Masfjorden v/Ørjan Valestrand	Høyring kommuneplanen planprogram
18	I	12.04.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til planprogram for rullering av kommuneplan for Masfjorden
13	I	13.04.2009	Masfjorden Venstre	Høyringsuttale i samband med kommuneplanen sitt planprogram
16	U	17.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Svar på anmodning om utsett høyringsfrist - planprogram og oppstart av kommuneplanen
17	I	17.04.2009	Fiskeridirektoratet Region Vest	Uttale til rullering av kommuneplanen
15	U	17.04.2009	Fiskeridirektoratet Region Vest	Svar på bøn om forlenga frist for uttale - planprogram og oppstart av kommuneplanen
20	I	25.05.2009	Masfjorden kommune	Planprogram - revidert etter off. høyring

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok den 26.02.2009 som sak 019/09 å legge planprogrammet til kommuneplanen for Masfjorden kommune ut til offentlig høyring.

HØYRING

Planprogrammet vart annonsert i avisene Strilen og Nordhordland samt på kommunen si heimeside. Høyringsfrist vart sett til 13.04.2009

UTTALE

Under er innkomne innspel som gjeld planprogrammet referert og kommentert. Innspel som gjeld planutkastet – både samfunnsdelen og arealdelen – vert kommentert i eigen sak når planutkastet er klart til høyring.

Bergvesenet med bergmesteren for Svalbard

Bergvesenet har ingen kommentarar til planprogrammet.

Elin Eikemo, leiar heimetenesta i Indrefjorden

Elin Eikemo skriv at det tidlegare har vore ein Pleie- og omsorgsplan som no er utgått på dato.

[Dette er no retta i tabellen i planprogrammet.](#)

Utdanningsforbundet Masfjorden

Utdanningsforbundet peiker på at ei av dei største aldersgruppene (personar mellom 40-60 år) som snart vil gå av med pensjon ikkje er nemnd under punktet utfordringar.

[Det er skrive inn eit punkt om denne gruppa i planprogrammet under pkt utfordringar.](#)

Masfjorden Venstre v/ leiar Leila Torsvik Andvik

Masfjorden Venstre skriv at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for å ta fatt på den store oppgåva det er å utarbeide ein kommuneplan, men det kunne vore tydlegare og meir konkret på ein del utfordringar som kommunen står ovafor. Dei meier at det vert viktig å ha fokus på det som er mogeleg å få til og å ta lærdom av tidlegare planprosessar. Venstre meiner at tidlegare erfaringar og utfordringar kjem for lite fram i planprogrammet.

[Rådmannen er einig i at tidlegare erfaringar og utfordringar kjem for lite fram i planprogrammet men dette har mest å gjere med at det er første gang ein har laga eit planprogram i samband med oppstart av kommuneplanrulleringa. Det er heller ikkje laga prosessplan før, slik at det skriftlege referansematerielle er lite. Samfunnsdelen har ikkje vore laga sidan midten på 90-talet og var mest eit skrivebordsarbeid og ikkje prosessretta. Rådmannen ser at med det verktøyet som eit planprogram er, vil ein ved seinare rulleringar av kommuneplanen lettare kunne skrive inn erfaringar og utfordringar frå tidlegare prosessar.](#)

Fiskeridirektoratet, Region Vest

Fiskeridirektoratet meiner at framlegg til planprogram er ryddig og oversiktleg men saknar program for gjennomgang av sjøområda.

Rådmannen har planlagt temamøte som aktørane i fiskeri- og havbruksnæringa vil få tilbod om å vere med på. Dette går ikkje klart fram av planprogrammet, men er lagt inn som ein aktivitet i prosessplanen.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen meiner at det er positivt at Masfjorden kommune både legg opp til rullering av samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen og dei trekk særleg fram omsynet til folkehelse som bør innarbeidast i samfunnsdelen.

Rådmannen meiner at omsynet til folkehelse skal bli godt innarbeidd i samfunnsdelen sjølv om det ikkje klart går fram av planprogrammet at dette skal gjerast.

Hordaland fylkeskommune, strategi og næringsavdelinga

Administrasjonen hjå Hordaland fylkeskommune har følgjande framlegg til innstilling:

1. *Fylkesutvalet vurderer at forslag til planprogram for revisjon av kommuneplane for Masfjorden i hovudsak er dekkande for dei interesse fylkeskommunen skal ivareta.*
2. *Fylkesutvalet rår til at desse momenta vert innpassa i det vidare planarbeidet:*
 - *Samfunnsdelen av kommuneplanen må gjerast meir tydeleg i planprogrammet.*
 - *Kraftproduksjon bør inn som eige punkt i planprogrammet og det vidare arbeidet bør koordinerast i høve til det pågåande arbeidet med fylkesdelplan for småkraftverk.*
 - *Det bør gjennomførast ei næringsanalyse og arealanalyse, der kommunen vurderer kapasiteten i eksisterande bustadfelt og næringsområde opp mot behovet for nye areal.*
 - *Det bør utarbeidast ein eigen klima- og energiplan som ein del av samfunndelen av kommuneplanen.*
 - *Tema som strandsone, friluftsliv, universell utforming og folkehelse bør vektleggast som eigne tema i planprogrammet og i det vidare arbeidet med kommuneplanen.*
3. *Kommunen bør revidera og synleggjera viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i kommunedelplan for kulturvern i Masfjorden og revidere denne i samband med dette planarbeidet.*
4. *Konsekvensutgreiinga må konkret omhandle kva for verknad endring av arealbruk og føresegnar vil ha for freda kulturminne, verneverdige kulturminne og kulturmiljø i kommunen.*
5. *Konsekvensutgreiinga bør supplerast med tema knytt til folkehelse og klima/energibruk.*

Rådmannen har redigert monaleg på planprogrammet og meiner no at samfunnsdelen er gjort meir tydeleg. Rådmannen er einig i at ein bør gjennomføre ei nærings- og arealanalyse der ein vurderer kapasiteten i eksisterande næring- og bustadfelt opp mot behovet for nye areal og har lagt dette inn som ein aktivitet i prosessplanen.

Rådmannen er ikkje einig i at kraftproduksjon skal inn som eige punkt i planprogrammet, men meiner at tema likevel skal omtalast i samfunnsdelen under tema næring. Planprogrammet er skriva ut frå Masfjorden kommune sitt hovudfokus som er folketalsutvikling. Utbygging av småkraftverk frå ikkje plass som eige punkt i planprogrammet ut frå dette fokus. Same argumentasjon gjeld for andre tema som fylkeskommunen rår til får eigne punkt i planprogrammet.

Rådmannen merkar seg at fylkeskommunen rår til at klima- og energiplan vert ein del av samfunnsdelen samt at kommunedelplan for kulturvern vert revidert i samband med kommuneplanarbeidet. Ideelt sett er rådmannen einig i dette, men veit ikkje om det er resursar i kommunen til å gjere alt dette arbeidet samstundes. Det mest trulege er at desse to planen kjem inn som aktivitetar i handlingsplanen knytt til samfunnsdelen av kommuneplanen.

VURDERING

Sjå rådmannen sine kommentarar under pkt uttale

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at planprogrammet for kommuneplanprosessen vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	031/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	28.05.2009	041/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	28.05.2009	039/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504	Arkivsaknr.: 07/517
--------------	---------------------

SAK 041/09 - REGULERINGSPLAN KLEIVETOPPEN HYTTEFELT I STORDALEN - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre.

Finansiering Ingen kostnad utover driftsbudsjettet

Heimel Plan- og bygningslova

Utskrift til:

høyringspartane

KS-041/09 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet.

Finansiering Ingen kostnad utover driftsbudsjettet

Heimel Plan- og bygningslova

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Ordførar orienterte om saka som var handsama i FUP tidlegare på dagen.

Det vert delt ut møtebok frå FUP og kart.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FUP-039/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 28.05.2009:

Rådmannen delte ut tillegg til saksutgreiing med nytt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet.

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FUP-031/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar gjorde framlegg om at saka vart utsett og sett opp att på eit ekstra planutvalsmøte 29.05.2009 (før kommunestyret).

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
7	U	23.02.2009	Ing. Bjørnar Vik; BKK nett As; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; NVE Region Vest;	Melding om politisk vedtak - Reguleringsplan Kleivetoppen - offentleg ettersyn

8	I	10.03.2009	Statens vegvesen; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Jan Olav Fosse; Walter Fosse; StatoilHydro NGIR	Merknad til reguleringsplan Kleivetoppen - gnr 50/2
9	I	16.03.2009	Statens vegvesen Region vest	Uttale til reguleringsplan
10	I	27.03.2009	Miljøvernadv Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til framlegg til reguleringsplan Kleivetoppen
11	I	07.04.2009	Strategi- og næringsadv Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan Kleivetoppen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Planutvalet gjorde den 03.02.2009 som sak 008/09 følgende vedtak:

*I medhald av pbl § 27-1 nr. 2, vert framlegg til reguleringsplan for Kleivetoppen
hyttefelt med føresegnar lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring.*

HØYRING

Planframlegget vart annonsert i avisene Nordhordland og Strilen samt på kommunen si heimeside. Frist for å kome med merknader vart sett til 27.03.2009.

UTTALE

Det har kome følgende innspel til planframlegget:

NGIR

NGIR skriv at i områder med konsentrert utbygging av fritidsbustader bør det vurderast å settast av stad for uplassering av hyttekonteinar.

Der er etablert stad for hyttekonteinar på parkeringsplassen for Kleivebotn hyttefelt. Denne konteinaren er og nytta av hyttene i Fitjane hyttefelt. Rådmannen meiner at staden konteinaren er plassert, tilfredstiller krav frå NGIR om at tilkomstveg og det er nok areal til at renovasjonsbilen kan snu. Om konteinaren som står der i dag har stor nok kapasitet når både Kleivetoppen og Librotet hyttefelt er ferdig utbygd, må NGIR sjølv vurdere.

Statens vegvesen, region vest

Statens vegvesen skriv at det i føresegnene til Kleivetoppen hyttefelt må kome fram av avkjørsla skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan for Librotet hyttefelte og godkjennast av vegvesenet før bygging av hytter kan godkjennast.

Kravet frå Statens vegvesen er innarbeidd i føresegnene.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga stadfester at motsegna mot veg til Librotet hyttefelt (gjennom Kleivetoppen hyttefelt) vart trekt i løpet av kommunedelplanprosessen for Stordalen. Vidare skriv miljøvernavdelinga at planføremålet i hovudsak er i samsvar med kommunedelplanen, men at det ikkje ligg føre noko planomtale slik den nye plan- og bygningslova (gjeldande frå 01.07.2009) krev.

Miljøvernavdelinga meiner at planavgrensinga er uklar; det kan sjå ut som om planområdet er todelt. Dei meiner og at det av landskapsomsyn må leggst inn ei byggegrense til tomtene 1-6, 9 og 10.

Miljøvernavdelinga gjer kommunen merksam på at fleire av underpunkta i pkt 3 (tekniske anlegg) i planføresetnadane er formulert som krav eller rettar utan at dei er heimla i planen. Dei nemner særskilt at det vil vere i strid med føremålet å etablere tekniske anlegg i eit regulert friområde. Miljøvernavdelinga meiner og at føresegna som regulerer hyttestorleik er uklar og ikkje i samsvar med kommunedelplanen for Stordalen.

Til sist gjer miljøvernavdelinga kommunen merksam på at det er eit krav at alle reguleringsplanar skal syne grad av utnytting på ein eintydig måte og ber om at dette blir retta opp i planen.

Rådmannen meiner at det ikkje er tenleg med planomtale for Kleivetoppen hyttefelt no så seint i planprosessen, men er trygg på at føresegnene er utfyllande nok til å sikre landskapsmessig tilpassing av hyttefeltet.

Planavgrensinga er retta opp slik at heile vegen – frå kryss fv 382 gjennom Kleivetoppen til Librotet - er framstilt med formål i reguleringsplanen for Librotet. I reguleringsplan for Kleivetoppen er vegen gjennom feltet berre illustrert. Det er lagt inn ei byggegrense på 50 meter frå regulert vatn i heile planområdet (jf kommunedelplanen).

Rådmannen ser at det i planføresetnadane er opna for at hyttene kan ha ein av 2 føreslegne avlaupsarrangement. Føresetnadane er ikkje juridisk bindande og er slik ikkje heimla i planen. Rådmannen meiner at dette må gjerast tydlegare slik at føresetnader og føresegner heng saman (sjå vurderingar).

Føresegna som regulerer hyttestorleik er retta opp og grad av utnytting er tatt inn som eige punkt i føresegnene.

Hordaland fylkeskommune, strategi- og næringsavdelinga

Hordaland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Dei ber om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i / skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar / stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Innspelet frå Hordaland fylkeskommune er tatt inn som eige punkt i føresegnene.

FAKTA

Kommunedelplanen for Stordalen vart vedteken i Masfjorden kommune den 03.02.2009 og miljøvernavdelinga trekte si motsegn i eige brev dagsett 02.04.2009. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

PBL § 20-4-b

- *Bygging i område avsett til utbyggingsføremål kan ikkje skje før kommunikasjons-, vassforsynings-, elektrisitets- og avlaupstilhøva, samt vegtilkomst er tilfredstillande etter planutvalet sitt skjønn [...].*

VURDERING

Det er i kommunedelplanen for Stordalen opna for at ein no kan tillate innlagt vatn og ordna avlaupsforhold, jf føresegna sitert over. Dette er nytt i frå forgje plan. Diskusjonane i plan-gruppa som jobba fram planframlegget ga utrykk for at ein var eining i at ein opna for innlagt vatn og ordna avlaup, men at dette måtte skje etter ein plan for heile hyttefeltet samla. Dette vart forsøkt nedfelt i føresegna som seier at *Bygging i område avsett til utbyggingsføremål kan ikkje skje før....* Det vart og foreslått å sette krav til ein resipientundersøking av Stordalsvatnet før ein gav første utsleppsløyve.

Rådmannen forstår at dei som bygger hytter i dag har andre krav til infrastruktur enn dei krava som var nedfelt i eldre planar. No har dei fleste hyttefelta i Stordalen fått veg inn i felta, og det er opna for vatn og kloakk. Vegframføring vart vurdert samla gjennom kommunedelplanen mens vassforsyning og avlaupsforhold skal vere tilfredstillande etter planutvalet sitt skjønn. Rådmannen går ut i frå at planutvalet er eining i at ein bør ha ein plan for vatn og avlaup for kvart felt samla, før ein startar utbygging av hyttene. Det vil vere svært uheldig å føre ein ”først til mølla” politikk på dette området.

Rådmannen ønskjer ikkje at kvar hytte skal ha sin lukka septiktank eller reinseanlegg. Det kan heller ikkje vere formålstenleg at kvar hytte etablerer eigen sandfiltergrøft for infiltrering. Rådmannen har ikkje kunnskap til å vurdere kor djup og lang ei slik grøft bør vere for å sikre forsvarleg reinsing og meiner at dette bør utgreiast særskilt (av kompetente fagfolk).

Når det gjeld tekniske inngrep som naturleg vil følgje av å etablerer vassforsyning er rådmannen samd med miljøvernavdelinga om at dette må heimlast i planen – gjerne ved at tiltaket vert kartfesta. Utan slik kartfesting må ein søknad om å etablere vassforsyning til eit hyttefelt samla måtte handsamast som ein dispensasjonssøknad. Rådmannen vil tilrå at ein utarbeider ein plan for vassforsyning og avlaup og gjennomfører ein reguleringsendring slik at alle sider ved desse tiltaka kan bli drøfta samla. Rådmannen vil og gå i dialog med Høyanger kommune når det gjeld undersøkinga av Stordalsvatnet som eigna resipient med tanke på etablering av nye utbyggingsplanar for både hytter og hotell som ligg i kommuneplanen.

KONKLUSJON

Reguleringsplanen for Kleivetoppen hyttefelt vert vedteken med dei endringane som er diskutert under vurdering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	28.05.2009	038/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	28.05.2009	042/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504	Arkivsaknr.: 07/419
--------------	---------------------

SAK 042/09 - ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR LIBROTET HYTTEFELT - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Librotet hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre.

Rådmannen får fullmakt – i dialog med planframstiller – til å fortette Librotet hyttefelt slik at tal hytter når 41. Fortettinga kan skje som ein mindre vesentleg endring av reguleringsplankartet i samband med konkret frådelingsøknad.

Finansiering: Ingen kostnad utover driftsbudsjettet

Heimel: Plan- og bygningslova

Utskrift til:

høyringsinstansane

FUP-038/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Librotet hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet..

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 28.05.2009:

Rådmannen delte ut tillegg til saksutgreiing med nytt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Librotet hyttefelt eigegodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet.

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til nytt vedtak frå rådmann vart samrøystes vedteke.

KS-042/09 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert reguleringsplan for Librotet hyttefelt eigengodkjent slik han ligg føre med dei endringane i kartet som vart lagt fram i møtet..

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
17	U	13.02.2009	Ing. Bjørnar Vik; BKK nett As; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Øyvind Hole; Bjarte Røberg; Rognald Johannes Matre; Dagfinn Gunnar Nyland; Ole Gunnar Angeltveit; Kari Thorstensen / Bjørn Harry Thorstensen; Janne Sylta / Ronny Sylta; Eli Karin Bjørnestad; Arnold Matre; Kari Marit Sandnes / Frode Davidsen; Ståle Borgund; StatoilHydro; Jan Olav Fosse; Walter Fosse; Jarle Johansen; Anker Normann Arefjord	Melding om politisk vedtak - Reguleringsplan Librotet - Endring
18	I	10.03.2009	NGIR	Merknad til reguleringsplan Librotet - gnr 50/1
19	I	16.03.2009	Statens vegvesen Region vest	Uttale til reguleringsplan Librotet
20	I	27.03.2009	Miljøvernadvd Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til framlegg til reguleringsendring Librotet
21	I	07.04.2009	Strategi- og næring Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan Librotet
23	I	07.05.2009	Bjørnar Leif Vik	Justeringar for tomtane 8, 9, 37 og 38

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Planutvalet gjorde den 03.02.2009 som sak 007/09 følgjande vedtak:

I medhald av pbl § 27-1 nr. 2, vert framlegg til endring av reguleringsplan for Librotet hyttefelt med føresegnar lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

HØYRING

Planframlegget vart annonsert i avisene Nordhordland og Strilen samt på kommunen si heimeside. Frist for å kome med merknader vart sett til 27.03.2009.

UTTALE

Det har kome følgjande innspel til planframlegget:

NGIR

NGIR skriv at i områder med konsentrert utbygging av fritidsbustader bør det vurderast å settast av stad for opplassing av hyttekonteinar.

Der er etablert stad for hyttekonteinar på parkeringsplassen for Kleivebotn hyttefelt. Denne konteinaren er og nytta av hyttene i Fitjane hyttefelt. Rådmannen meiner at staden konteinaren er plassert, tilfredstillar krav frå NGIR om at tilkomstveg og det er nok areal til at renovasjonsbilen kan snu. Om konteinaren som står der i dag har stor nok kapasitet når både Kleivetoppen og Librotet hyttefelt er ferdig utbygd, må NGIR sjølv vurdere.

Statens vegvesen, region vest

Statens vegvesen skriv at det er viktig at avkøyrsla med siktsoner er ein del av planen og at avkøyrsla vert dimensjonert for lastebil. Dei gjer merksam på at siktsona i avkøyrsla skal vere den same på vintertid som sumartid og at det brukarane som er ansvarleg for å fjerne snø i siktsona. Statens vegvesen skriv og at det i føresegnene må settast krav til at avkjørsla skal opparbeidast og godkjennast av vegvesenet før bygging av hytter vert tillate.

Kravet frå Statens vegvesen er innarbeidd i reguleringsplankart og føresegnene.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavinga

Miljøvernavinga stadfester at motsegna mot veg til Librotet hyttefelt (gjennom Kleive-toppen hyttefelt) vart trekt i løpet av kommunedelplanprosessen for Stordalen. Vidare skriv miljøvernavinga at planføremålet i hovudsak er i samsvar med kommunedelplanen, men at det ikkje ligg føre noko planomtale slik den nye plan- og bygningslova (gjeldande frå 01.07.2009) krev.

Miljøvernavinga skriv at fleire av tomtene ligg svært nær Stordalsvatnet og at ein bør legge inn byggegrenser på desse tomtene for å unngå uheldige landskapsverknader ved utbygging.

Miljøvernavinga gjer kommunen merksam på at fleire av underpunkta i pkt 3 (tekniske anlegg) i planføresetnadane er formulert som krav eller rettar utan at dei er heimla i planen. Dei nemner særskilt at det vil vere i strid med føremålet å etablere tekniske anlegg i eit regulert friområde. Miljøvernavinga meiner og at føresegnar som regulerer hyttestorleik er uklar og ikkje i samsvar med kommunedelplanen for Stordalen.

Til sist gjer miljøvernavingdelinga kommunen merksam på at det er eit krav at alle reguleringsplanar skal syne grad av utnytting på ein eintydig måte og ber om at dette blir retta opp i planen.

Rådmannen meiner at det ikkje er tenleg med planomtale for Kleivetoppen hyttefelt no så seint i planprosessen, men er trygg på at føresegnene er utfyllande nok til å sikre landskapsmessig tilpassing av hyttefeltet.

Planavgrensinga er retta opp slik at heile vegen – frå kryss fv 382 gjennom Kleivetoppen til Librotet - er framstilt med formål i reguleringsplanen for Librotet. (I reguleringsplan for Kleivetoppen er vegen gjennom feltet berre illustrert.) Det er lagt inn ei byggegrense på 50 meter frå regulert vatn i heile planområdet (jf kommunedelplanen).

Rådmannen ser at det i planføresetnadane er opna for at hyttene kan ha ein av 2 føreslegne avlaupsarrangement. Føresetnadane er ikkje juridisk bindande og er slik ikkje heimla i planen. Rådmannen meiner at dette må gjerast tydlegare slik at føresetnader og føresegner heng saman (sjå vurderingar).

Føresegna som regulerer hyttestorleik er retta opp og grad av utnytting er tatt inn som eige punkt i føresegnene.

Hordaland fylkeskommune, strategi- og næringsavdelinga

Hordaland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Dei ber om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i / skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar / stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Innspelet frå Hordaland fylkeskommune er tatt inn som eige punkt i føresegnene.

FAKTA

Kommunedelplanen for Stordalen vart vedteken i Masfjorden kommune den 03.02.2009 og miljøvernavingdelinga trekte si motsegn i eige brev dagsett 02.04.2009. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

PBL § 20-4-b

- *Bygging i område avsett til utbyggingsføremål kan ikkje skje før kommunikasjons-, vassforsynings-, elektrisitets- og avlaupstilhøva, samt vegtilkomst er tilfredstillande etter planutvalet sitt skjønn [...].*

HRV – høg regulert vannstand – er endra i samanheng med oppdatering av grunnkartet. Dette er oppdatert i reguleringsplankartet og har påverknig vidare på byggerestriksjonsgrensa.

VURDERING

Reguleringsplanen for Librotet hyttefelt hadde i utgangspunktet 36 festepunkt. Av desse er det 14 som er bebygd eller har fått festenummer. I planforslaget som no vert lagt fram har ein gått frå festepunkt til eigande tomt. I kommunedelplanen for Stordalen, som vart vedteken i Masfjorden kommunestyre 02.04.2009 har ein opna for at Librotet hyttefelt kan auke tal hytter til totalt 41 samt at ein har innført ei byggerestriksjonsgrense på 50 meter frå regulert vatn.

I føresegnene til kommunedelplanen for Stordalen står det:

Det er byggjeforbod på 25m langs elver og 50m langs vatn, målt frå HRV. [...] I tillegg gjeld ikkje byggjeforbodet eksisterande bygg eller solgte festepunkt eller frådelte tomter i godkjende planer.

For gjeldande plan for Librotet hyttefelt vart dei ubebygde tomtene 11, 12, 13, 14 og 15 liggande nærare Stordalsvatnet enn 50 meter og må difor trekkast ut av planen.


Dette har ikkje vorte påpeika tidlegare i planprosessen slik at planframstillar har ikkje fått muligheit til å endre plassering av desse tomtene. Rådmannen ser at dette kan skape problem for utbyggar og ber om fullmakt til å godkjenne fortetting av planen med nye fritidstomter (totalt 41 hytter i planområdet) der dette ikkje kjem i strid med den byggefrie sona eller andre tilhøve i reguleringsplanen.

Andre endringar i kartet er at frådelt tomt 50/27 har fått formål landbruk samstundes som tomtene 8, 9, 37 og 38 er trekt lenger bort frå denne landbrukseigedomen. Frådelt festetomt 50/1/30 er lagt inn som ei av hyttetomtene i hyttefeltet. Tomtegrensene til 4 og 5 er justert slik av avstanden til Stordalsvatnet vert større samstundes om plassering av hyttene på desse to tomene er flytta 20 frå vatnet

Planområdet er utvida for å stette krava frå Statens vegvesen når det gjeld avkøyrsla frå fv 582.

Det er i kommunedelplanen for Stordalen opna for at ein no kan tillate innlagt vatn og ordna avlaupsforhold, jf føresegna sitert over. Dette er nytt i frå forgje plan. Diskusjonane i plangruppa som jobba fram planframlegget ga utrykk for at ein var eining i at ein opna for innlagt vatn og ordna avlaup, men at dette måtte skje etter ein plan for heile hyttefeltet samla. Dette vart forsøkt nedfelt i føresegna som seier at *Bygging i område avsett til utbyggingsføremål kan ikkje skje før...* Det vart og foreslått å sette krav til ein resipientundersøking av Stordalsvatnet før ein gav første utsleppsløyve.

Rådmannen forstår at dei som bygger hytter i dag har andre krav til infrastruktur enn dei krava som var nedfelt i eldre planar. No har dei fleste hyttefelt i Stordalen fått veg inn i felt, og det er opna for vatn og kloakk. Vegframføring vart vurdert samla gjennom kommunedelplanen mens vassforsyning og avlaupsforhold skal vere tilfredstillande etter planutvalet sitt skjønn. Rådmannen går ut i frå at planutvalet er eining i at ein bør ha ein plan for vatn og avlaup for kvart felt samla, før ein startar utbygging av hyttene. Det vil vere svært uheldig å føre ein "først til mølla" politikk på dette området.



Rådmannen ønsker ikkje at kvar hytte skal ha sin lukka septiktank eller reinseanlegg. Det kan heller ikkje vere formålstenleg at kvar hytte etablerer eigen sandfiltergrøft for infiltrering. Rådmannen har ikkje kunnskap til å vurdere kor djup og lang ei slik grøft bør vere for å sikre forsvarleg reinsing og meiner at dette bør utgreiast særskilt (av kompetente fagfolk).

Når det gjeld tekniske inngrep som naturleg vil følgje av å etablerer vassforsyning er rådmannen samd med miljøvernavinga om at dette må heimlast i planen – gjerne ved at tiltaket vert kartfesta. Utan slik kartfesting må ein søknad om å etablere vassforsyning til eit hyttefelt samla måtte handsamast som ein dispensasjonssøknad. Rådmannen vil tilrå at ein utarbeider ein plan for vassforsyning og avlaup og gjennomfører ein reguleringsendring slik at alle sider ved desse tiltaka kan bli drøfta samla. Rådmannen vil og gå i dialog med Høyanger kommune når det gjeld undersøkninga av Stordalsvatnet som eigna resipient med tanke på etablering av nye utbyggingsplanar for både hytter og hotell som ligg i kommuneplanen.

KONKLUSJON

Reguleringsplanen for Librotet hyttefelt vert vedteken med dei endringane som er diskutert under vurdering.

Rådmannen får fullmakt – i dialog med planframstiller – til å fortette Librotet hyttefelt slik at tal hytter når 41.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	028/09	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	28.05.2009	043/09	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 09/162
---------------------	---------------------

SAK 043/09 - REGULERINGSPLAN SOLHEIMSNESET BUSTADFELT – REGULERINGSENDRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-1 eigengodkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Solheimneset bustadfelt slik han ligg før.

Finansiering Ingen direkte kostnad utover driftskostnader

Heimel Plan- og bygningslova

Utskrift til:Høyringsinstansane og dei som har kome med innspel

FUP-028/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-1 eigengodkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Solheimneset bustadfelt med desse endringane:

- Tomt 2 undervisning - Dersom tomta ikkje vert teke i bruk til formålet innan 3 år vert tomte regulert tilbake til bustad.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Dina K. Dyrhovden sette fram følgjande forslag til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-1 eigengodkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Solheimneset bustadfelt med desse endringane:

- Tomt 2 undervisning - Dersom tomte ikkje vert teke i bruk til formålet innan 3 år vert tomte regulert tilbake til bustad.
- endringane for naustområde D m/kai vert ikkje godkjent

Røysting:

Framlegg rådmann inkludert Ap sitt 1. endringspunkt vart samrøystes vedteke

Framlegg til Ap sitt 2. endringspunkt: fall med 3 mot 2 (Ap og FrP) røyster.

Kommunestyret sitt vedtak

KS-043/09 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-1 eigengodkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Solheimneset bustadfelt med desse endringane:

- **Tomt 2 undervisning - Dersom tomta ikkje vert teke i bruk til formålet innan 3 år vert tomta regulert tilbake til bustad.**
- **Endringane for naustområde D m/kai vert ikkje godkjent.**

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Lars Solheim, Ap, sa seg ugild i denne saka sidan han er grunneigar på Solheimsøya som har rettar innanfor planområdet.

Dette vart samrøystes vedteke.

Dina Dyrhovden, Ap, opprettheldt sitt framlegg frå FUP pkt 2, som ikkje fekk fleirtal der og som lyder:

Endringane for naustområde D m/kai vert ikkje godkjent.

Frode Langhelle, H, sa at Høgre støttar tilrådinga frå FUP den 18.05.09.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at det har vore endel uklarheit i høve eigartilhøve til nausttomtane på Solheimsneset.

Felt D. Kommunen eigde 3 tomter i dette feltet. Ein av dei er seldt.
Kommunen eig no halve område merka D.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ein burde hatt kartet for den opprinnelege reguleringsplanen slik at ein hadde meir grunnlag for å ta stilling i saka.

Vigdis Søvik, Sp, kommenterte at tomt D såg stor ut i høve dei andre. Dette har no rådmannen oppklara med at kommunen eig halve tomten.

Willy Borge, Frp, spurde om ein ikkje kunne leggja tomt nr 3 innatt i planen slik at den personen som har fått lovnad på nausttomt kan få kjøpa tomt.

Borge ba no om gruppeleiar møte.

Møtet vart heva og det vart gruppeleiar møte.

Møtet vart sett att.

Det opprinnelege reguleringsplankartet vart no delt ut til medlemmene, likeins kopi av korrespondanse på epost mellom sakshandsamar og søkjar av nausttomt.

Ordførar orienterte.

Frode Langhelle, H, ba om at saka vert utsett til neste kommunestyremøte den 18. juni og då med ny handsaming i Fast utval for plansaker fyrst.

Rådmannen sa at denne saka skulle vore delt i to separate saker.

Denne saka er arealdisponering.

Den andre ville gå på rettane til tomtekjøparane.

Liv Oda Dale, Ap, sa at i drøftinga i gruppemøtet var det ikkje personane/tomtekjøparane som var interessante, men kor mange nausttomtar ein skulle ha til innbyggjarane.

Ser ikkje noko grunn til å utsetja saka.

Kari Skår Sørheim, KrF, sa at saka handlar om bruken av areal og saka treng difor ikkje utsettast.

Willy Borge, Frp, ser ingen grunn til å utsetta saka.

Vigdis Søvik, Sp, går for fellesframlegget frå AP om å bruka den eksisterande planen.

Leila T. Andvik, V, sa at vi har grunnlag nok for å gjera vedtak i saka i dag.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå Høgre fekk 3 røyster og fall. (Tre frå Høgre)

Det vart så røysta over tilrådinga frå FUP.

Denne vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over

Fellesframlegget frå Ap,V, Sp og KrF, og Frp:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
7	I	26.03.2009	Fiskeridirektoratet Region Vest	Uttale reguleringsplan for Solheimneset
8	I	29.03.2009	Signy Dahle og Målfrid Norland	Spørsmål i forhold til reguleringsplanen
11	I	07.04.2009	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsendring for Solheimsneset bustadfelt
15	I	15.04.2009	Miljøavdelinga Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til framlegg til revidert reguleringsplan
10	I	21.04.2009	Signy Dahle	Innspel til reguleringsplan Solheimneset
13	I	28.04.2009	Anny Bente og Ivar Duesund	Merknader til reguleringsplan Solheimsneset bustadfelt
14	I	29.04.2009	Kystverket Vest	Uttale til offentlig høyring

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Reguleringsplanen for Solheimsneset bustadfelt vart vedteken i 1984. Naustområde vart detaljplanlagt i eigen planprosess som vart vedteken i kommunestyret 19.12.1990.

Det vart meldt oppstart på reguleringsendring for gjeldande plan på Solheimneset med annonse i avisene Stilen og Nordhordland 28.02.2009 samt med brev til høyringsinstansane og berørte grunneigarar. Formålet med reguleringsendringa var i hovudsak å gjennomgå formåla for ubebygde tomter.

Fast utval for plansaker gjorde den 02.04.2009 som sak 022/09 følgjande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-1 nr 1 vert reguleringsplan for Solheimneset bustadfelt – reguleringsendring - lagt ut til offentlig høyring.

HØYRING

Reguleringsplanen vart annonsert i avisene Nordhordland og Strilen samt på kommunen sine heimesider. Høyringsfrist vart sett til 01.05.2009.

UTTALE

Signy Dahle og Målfrid Nordland

Signy Dahle skriv at Solheimsøy frå gammalt av har landingsplass på Solheimneset. Denne landingsplassen er lokalisert til naustfelt E i endringsforslaget til ny reguleringsplan for Solheimneset. Dahle hevdar at viss endringsforslaget blir vedteke, vil denne landingsplassen forsvinne. Ho ber difor om forkjøpsrett til nausttomt nr. 9 i felt E eller tildeling av egne landingsplass /opptrekksplass for båt inntil 15 fot.

Rådmannen er klar over at bnr 9 og 28 på Solheimsøy har rett til båtoppdrag innafor naustområde E og er innstilt på å innfri dette. Samstundes ser ein at dei frådelt tomten på øya (der to er frådelt etter at kommunen kjøpte areal til bustadfeltet og naustområdet) må ha ein stad på fastlandet å trekk opp båten, men desse hyttetomtene har ikkje same hevdvunne rett som dei to eldste bruka på Solheimsøya har. Rådmannen er innstilt på at eigar av desse tomtene må få forkjøpsrett på nausttomt i felt E. Denne forkjøpsretten bør vere begrensa til å gjelde i 3 år frå planen er vedteken.

Fiskeridirektoratet, Region Vest

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at endring av reguleringsplan for Solheimneset vil representere noko større konfliktpotensiale i høve til arealbruk tilknytt fiskeri eller akvakulturverksemd. Dei gjer samstundes kommunen merksam på tilgrensande sjøområde som er sett av til akvakultur i kommuneplanen og eksisterande akvakulturverkssemd til havforskningsinstituttet (HI). Dei ber difor om at HI vert varsla om reguleringsplanarbeidet.

Rådmannen har ikkje sendt reguleringsplanen til HI for uttale då ein vurderer endringane i planen som så små at dei ikkje vil påverke HI i nokon grad. HI vil få vedteken plan tilsendt og kan eventuelt klage på denne i ettertid.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga har ikkje merknader til justeringane av nausttomter eller føresegnene til naust, då dei er i samsvar med strandsoneretleiarer. Dei er og positive til at det er sett byggegrensing mot sjø på tomtene som grensar til sjø og rår til at det vert sett ei landskapstilpassa byggegrensing på tomtene som har grense mot friområdet langs sjø. Den landskapstilpassa byggegrensing bør bli trekt slik at ho sikrar at nye bygg vert plassert på den nordlege delen av tomtene slik planen no viser framtidige bygg utan juridisk binding.

Rådmannen ser at slik framtidige bygg er vist i plankartet som vart lagt ut til offentleg høyring så er ikkje plasseringa juridisk bindande og stør difor oppfordringa frå miljøvern-avdelinga om å legge inn landskapstilpassa byggegrensingar på dei tomtene som har grense mot friområdet langs sjø. Rådmannen har tatt utgangspunkt i ei grense på 15 meter frå grensa til friområdet og tilpassa denne til kotene på kartet.

Hordaland fylkeskommune, strategi- og næringsavdelinga

Hordaland fylkeskommune vurderer det som positivt at gjeldande reguleringsplan vert revidert og at arealbruken vert tilpassa eksisterande bruk av strandsona. Dei har ingen merknader til at innregulert bustadtomt vert omregulert til næring, med føremål undervisning.

Hordaland fylkeskommune gjer vidare merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd, og straks melde frå til fylkeskommunen dersom ein i samband med tiltak skulle støyte på automatisk freda kulturminne.

Til slutt minner dei om at ettersom planområdet ligg mindre enn 300 meter frå kyrkje/kyrkjestad, så skal saka også sendast over til biskopen for uttale derfrå.

Rådmannen har ikkje sendt reguleringsplanen til biskopen for uttale då ein vurderer endringane i planen som så små at dei ikkje vil påverke kyrkja eller kyrkestaden i nokon grad. Kyrkja vil få vedteken plan tilsendt og kan eventuelt klage på denne i ettertid.

Anny Bente Duesund / Ivar Duesund

Anny Bente Duesund og Ivar Duesund foreslår at setninga *eigedomen skal nyttast som fast bustadeigedom av eigar* vert tatt inn i føresegnene. Dei ønskjer og at det for område som nå vert omregulert til undervisning vert knytt eit vilkår om at område vert omregulert til opphavleg formål viss det ikkje vert nytta til undervisning innan ei viss tid (3 – 5 år).

Duesund stiller og spørsmål rundt grunngevinga for å ta bort 2 nausttomter i felt D samtidig som ein nausteigar frå utvida nausttomta si, og der ein annan kjøpar tidlegare har fått tilsagn frå kommunen om kjøp av den same nausttomta.

Rådmannen er samd i at dei kommunale byggefelta er tenkt for fastbuande. Rådmannen har jobba med problematikken kring ”buplikt” i kommunale bustadfelt i fleire år, og kommunestyret har tidlegare handsama spørsmålet om innføring av null-konsesjon utan å vedta dette. Etter dette kom kommunen fram til ei ordning med å uttrykkeleg gjere kjøpar merksam på at han / ho kjøpte tomt i eit kommunalt bustadfelt og at kommunen kunne krevje at det vart søkt om bruksendring viss ein ville nytte tomta / huset til fritid. Denne formuleringa vart sett inn etter grundig arbeid med kva heimel som ligg i lovverket for å krevje at eigedommen vert nytta i samsvar med reguleringsføremålet og etter råd frå kommunen sin advokat.

Ein reguleringsplan har ikkje tilbakeverkande kraft slik at ei formulering som vert føreslått over vil ikkje gjelde for tomter som alt er selt. Rådmannen meiner difor at ”buplikta” i Solheimneset bustadfelt er sikra i kjøpekontraktane så langt det er lovheimel for det.

Når det gjeld forslaget om at ein skal knytte vilkår om omregulering for den tomta som no vert regulert til undervisning viss ho ikkje vert nytta til dette formål, er rådmannen samd i dette. Spørsmålet vil bli løyst ved at ein set som vilkår i kjøpekontrakten at kommunen kan kjøpe eigedomen attende viss han ikkje er påbygd innan 3 år (standard formulering i kommunen sine kjøpeavtale for kommunale tomter).

Rådmannen viser til planutvalet sin konklusjon etter synfaringa på Solheim den 16.09.2008 der planutvalet indirekte ber rådmann om å trekke 2 nausttomtane ut av planen. Rådmannen har i si saksutgreiing ikkje utgreidd potensielle konfliktar knytt til planutvalet sin konklusjon. Rådmannen vedgår at det er gjort feil frå kommunen si side når ein annan kjøpar har fått tilsagn om kjøp av omtalt nausttomt og har beklaga dette i brev direkte til kjøpar. Diverre har det gått lang tid og vore stadig nye sakshandsamarar som har handsama saker om byggefeltet, og dette har ført til mistydingar. Men kommunen har framleis ledig nausttomt til vedkomande, og han vil få tilbod om annan tomt.

Kystverket Vest

Kystverket Vest har ingen merknader til reguleringsplanen.

FAKTA

Rådmannen inviterte alle som bur på Solheim og som ønska å stille spørsmål til det pågåande planarbeidet til eit uformelt møte i grendahuset på Solheim den 27.04.2009 i forkant av temamøte på Matre.

VURDERING

Rådmannen ser at planutvalet i si synfaring på har vore positive til ei skisse for naustområde D som inneheld sjøbu og liten kai.

Ei sjøbu er i litteraturen forklart som eit lite reiskapshus utan vindaug for oppbevaring av fiskeutstyr. Rådmannen meiner difor at eit byggeløyve for sjøbu må følgje føresegnene for naust. Når det gjeld kai bør reguleringsføresegnene endrast til å tillate etablering av liten kai innafor byggeområde for naustområde D.

Av dei innspela som har kome mens reguleringsplanen låg til offentleg høyring var det berre eitt som konkret gjekk på framstilling av reguleringsplankartet. Dette innspelet er innarbeidd i planframlegget som no vert lagt fram til eigengodkjenning.

Føresegnene er ikkje kommentert i nokon av innspela. Rådmannen har i tillegg møtt innbyggjarar på Solheim der alle frammøtte fekk høve til å stille spørsmål. Rådmannen er trygg på at alle som har hatt spørsmål i samband med denne reguleringsendringa har fått høve til å uttale seg. Rådmannen vonar at kommunen med denne reguleringsendringa har klart opp i alle spørsmål om rettar i feltet og det skulle no ligge til rette for at kommunen overfører aktuelle område til dei som har desse rettane slik at eigedomstilhøva er avklart for framtida.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner difor at kommunestyret kan eigengodkjenne reguleringsplanen for Solheimneset bustadfelt slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.05.2009	041/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	28.05.2009	044/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 09/215
--------------	---------------------

SAK 044/09 - BUDSJETTSALDERING 2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Driftsbudsjettet for 2009 vert saldert i tråd med saksutgreiing under faktadelen – og vedteke i tråd med korrigert hovudoversikt drift. Veglys Hosteland jf. K-sak 100/08 pkt. 6 er ikkje innarbeidd i salderinga med kommunal finansieringsdel.
- 2) Hovudoversikt investering og skjema 2A/2B byggjer på vedtak gjort etter budsjettvedtaket i desember – i sakene 14, 15, 16 og 17/09.

Budsjettendringar investering:

Garderobeanlegg Hosteland	02309 – 38102	Nybygg	1.660.000
Finansiert med;			
09700	overføring frå drift		- 500.000
09400	fondsmidlar		- 400.000
08900	tilskot (tippemidlar og Masfjorden fotball lag)		- 760.000
Utleigebustadar Sandnes – jf. Kommunestyresak 123/08			
02309	Nybygg	brutto kostnad	7.300.000
Finansiert med;			
09700	overføring frå drift (momskompensasjon)		- 1.500.000
06700	sal av hus		- 1.500.000
09101	lånefinansiering		- 3.000.000
09400	fondsmidlar		- 1.300.000

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettsaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2008.

Utskrift til:

Driftseiningane
Fylkesmannen i Hordaland
Revisjonen

FS-041/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) Driftsbudsjettet for 2009 vert saldert i tråd med saksutgreiing under faktadelen – og vedteke i tråd med korrigert hovudoversikt drift. Veglys Hosteland jf. K-sak 100/08 pkt. 6 er ikkje innarbeidd i salderinga med kommunal finansieringsdel.
- 2) Hovudoversikt investering og skjema 2A/2B byggjer på vedtak gjort etter budsjettvedtaket i desember – i sakene 14, 15, 16 og 17/09.

Budsjettendringar investering:

Garderobeanlegg Hosteland	02309 – 38102	Nybygg	1.660.000
Finansiert med;			
09700	overføring frå drift		- 500.000
09400	fondsmidlar		- 400.000
08900	tilskot (tippemidlar og Masfjorden fotball lag)		- 760.000
Utleigebustadar Sandnes – jf. Kommunestyresak 123/08			
02309	Nybygg	brutto kostnad	7.300.000
Finansiert med;			
09700	overføring frå drift (momskompensasjon)		- 1.500.000
06700	sal av hus		- 1.500.000
09101	lånefinansiering		- 3.000.000
09400	fondsmidlar		- 1.300.000

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettssaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2008.

Utskrift til:

Driftseiningane
Fylkesmannen i Hordaland
Revisjonen

Det skjedde i Formannskapet den 18.05.2009:

Ass. rådmann orienterte nærare om endringar område for område.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Under denne saka orienterte ass. rådmann også om 1. tertialrapport for 2009. Denne kjem som sak til kommunestyret den 28.05.09.

Orienteringa vart teken til vitring.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	20.03.2009	Avd. leiar Reidun Kvamsdal	Justering av 2009 budsjettet - Nystova
1	I	23.03.2009	Matre skule v/rektor	Innspel til budsjettssaldering 2009
3	I	24.03.2009	Sandnes skule v/Kjellaug B. Strand	Gjeld budsjettssaldering - Sandnes skule
4	I	24.03.2009	Avd.leiar for pleie Helga Ellingsen	Budsjett 2009 i forhold til rekneskap 2008 for 25300 og 25400 - pleieavdeling Masfjorden sjukeheim
5	I	25.03.2009	Kirsten Øpstad	Trong for auke i budsjettet for 2009 i Heimetenesta Sørsida
6	I	27.03.2009	Heimetenesta Indrefjorden v/Elin Eikemo	Tilbakemeldingar økonomi
8	I	06.04.2009	Nordbygda skule v/Berit Lygre	Innspel i høve saldering av budsjettet for 2009

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Vedtak om budsjettssaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2008

HØYRING

Ein ba om innspel frå driftseiningane i samband med ei leiarsamling i vinter + økonomisk rapportering frå driftseiningane i tråd med økonomireglementet pr. 1.kvarttal – 31. mars 09.

UTTALE

Fylkesmannen i Hordaland – til opphavleg budsjett og økonomiplan for 2009-12 av 19. mars 09. *Kommunen er ikkje underlagt statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

FAKTA & VURDERING

Frie inntekter

Budsjettframlegget byggjer på statsbudsjettet for 2009 – vekst i skatteinngang med 5,4%. Statsbudsjettet hadde ikkje teke høgde for konsekvensar i form av finanskrisa, og tiltakspakka kompenserer for deler av det ein forventar vil bli endeleg skatteinngang, men ein tilrår likevel at budsjettert skatteinngang vert sett ned frå 42,8 til 41,8 mill.kr. i samband med budsjettssalderinga. Rammetilskot som opphavleg budsjett.

Eigedomsskatt

Utskriven eigedomsskatt for 2009 utgjer 18,8 mill.kr. etter korrigeringa av skattegrunnlaget gjort av Stortinget i forhold til vedtak av regjeringa. Tilrår at det vert gjort ei korrigering i

budsjettet, ved at sum eigedomsskatt vert auka opp med 1 mill.kr., og at denne meirinntekta vert brukt til å redusere det ordinære skatteinngang ned med 1 mill.kr.

Pensjon

Det er budsjettert med brutto pensjonskostnad og lagt inn forventa premieavvik 2009 i tråd med budsjett frå hhv. KLP og statens pensjonskasse.

Folkevalde organ

- Auka opp godtgjersle med 100.000 og tilsvarande driftspostane under teneste 10001 – folkevalde organ.
- val – uendra nettobudsjett, men endringar i budsjettpostane
«Sdo_Tittel»

Masfjorden kommune har no inngått avtale med ErgoGroup A/S om leveranse av programvare og tenester til Stortingsvalet til hausten.

Valprogrammet med online manntal kostar	kr. 23.926,-
Manntal til politiske parti	” 945,-
Valkort, klargjering og produksjon	” 3.282,-
Estimert porto utsending valkort	” 4.888,-
To kurs, opplæring for to personar ca	” 12.000,-
Til saman	<u>kr 45.041,- eks. moms.</u>

Dette inneber at programvare vert dyrare enn tidlegare år. Berre ein IKT leverandør i 2009.

Administrasjon

Auka opp løn i tråd med lønsoppgjering 2008 inkl. pensjon og arbeidsgjevaravgift, i sum kr. 600.000,- fordelt utover dei aktuelle tenesteområda under rammeområde. Under administrasjon ligg forholdvis stor del av dei tilsette under HTA kap. 5 (+3.4), og tala for desse var ikkje klar under ferdigstilling av 2009 budsjettet – difor ein såpass stor justering i salderinga av budsjettet.

Barnehage

Ingen endringsframlegg i denne omgang. Økonomisk rapportering pr. 1.kvartal tilseier avvik – men at ein avventar endeleg statsbudsjett for dette rammeområdet.

Skule

Innan skule har vi fått ein del innspel, som i sum utgjer om lag 600.000,- samla.

Matre skule, innarbeidd innspel i forhold til skuleskyss, prosjekt grønt i skulen og redusert brukarbetaling SFO, samt styrka budsjettet med 25.000 til straum → samla 110.000,-. Andre forhold teke opp av Matre skule, meiner sakshandsamar at skulen har dekning med opphavleg budsjett og vedlikehald jf. investeringsplan, og elles i samsvar med statleg finansieringsordning.

For Nordbygda og Sandnes skule har ein ikkje tilrådd dekke budsjettinnspel m.a. med vising til opparbeidd fondsreserve.

Straumkostnaden er eit generell utfordring for alle tenester.

Helse

Ingen endringsframlegg i denne omgang. Mindre endringar innan budsjettet til helsesyster, og under legetenesta skal Kommunelege ha løna utdanningspermisjon som det må inn vikar for. Budsjettrevisjon seinare.

Sosial- og barnevern

Sosial- og barnevern har nokre tenester med meirforbruk og andre tenester med mindreforbruk, samla sett pr. 1. kvartal eit budsjettavvik med 2.000,- ! netto. Det kan vere grunnlag for budsjettendringar mellom tenester (ligg innafor delegert mynde for budsjettendring), men samla sett for rammeområde er det ikkje behov for endringar. Eiga sak om stillingsauke innan barnevern.

Pleie- og omsorg

Pleieavdeling har innmeldt eit budsjettbehov på kr. 280.000 utover opphavleg budsjett. Tilrår at pleieavdelinga vert tilført kr. 180.000 netto, dvs. alle innspel med unnatak av pensjon. Vi har for 2009 budsjettert i tråd med prognose frå KLP, og vel å halde fast på den.

Nystova, behov for å auke opp kontoane 10203 ferievikar og 10204 avtalefesta tillegg med 50.000 på kvar post, og redusere teneste 25305 felles vakt med 100.000. Netto ingen budsjettverknad.

Heimetenestene

Nord – ber om tilføring av kr. 300.000 – tilrår 100.000 til fastløn. Forhold kring pensjon og interne overføringar ser ein vekk i frå, jf. prognose/budsjettgrunnlag KLP og at sum interne overføringar har motpost anna teneste og at sum utgift interne overføringar skal samsvare med inntekt interne overføringar – får dermed ingen netto budsjettkonsekvens, og vert fjerna administrativt om grunnlaget er opphøyr. Ein ser vidare kontoane 16000 og 17100 i samanheng.

Sør – søker om 400.000 tilført gjennom budsjettsalderinga. Tilrår støtte til ny brukar under konto 10505 med kr. 50.000,- og leasingbilar med auke i budsjettet med 60.000. Andre forhold i søknaden vert å komme attende til ved seinare budsjettrevisjonar.

Indre – søker om 155.000 tilført gjennom budsjettsalderinga. Tilrår at heimetenestene indre får tilført kr. 80.000 til avtalefesta tillegg 10105 (30.000), tilsvarande vikarar 10204 (20.000) og redusert husleigeinntekt teneste 26504 (30.000).

Kultur

Kulturskulen. Det er søkt om 180 elevplassar i kulturskulen for komande år. Dette er det høgste søkjartalet nokon gong og nærare 40 elevar meir enn i noverande skuleår. 111 er elevar i kulturskulen frå før og 69 er nye søkjarar. 34 elevar sluttar eller avsluttar sine kurs. Kulturskulerektor har fordelt timerressursar til alle elevane. Då kjem eg ut med eit overforbruk på 0,4 årsverk i høve til noverande nivå. I kostnad utgjer det 140 000(200 000 ekskl 60 000 i elevpengar). Eit alternativ er å setja elevar på venteliste eller gje avslag på søknadar. Eit anna er å få tilført midlar. Tilrår at kulturskulen vert tilført kr. 60.000 som 5/12 av finansieringsbehovet slik at alle får tilbod.

Kyrkja

Ingen endringsframlegg i denne omgang

Teknisk

Det er lagt inn budsjettmidlar til nyttilsett innan vedlikehald ute (ikkje innarbeidd i opphavleg budsjett) under teneste 26505. Ein har korrigert budsjett for nyttilsett ingeniør kor det var budsjettet med full årsløn (teneste 30200), men kor tilsette startar først i sommar, samt korrigering elles av løn TML (teneste 12005, 30300, 32902 i tråd med lønsplassering/lønsoppgjær hausten 2008).

Det er lagt opp til intern overføring mellom teneste 12005 adm.teknisk og

byggjesaker med 300.000.

Netto utgjer desse postane kr. 360.000,-.

Vedlikehald kommunale vegar;

I tråd med Kommunestyresak 18/09 vart kommunale vegar tilført kr. 1.106.000. Desse midlane tilrår ein vert nytta til;

- Omlegging av kommunal veg Kvingedal = kr
200.000,-
- Parkeringsplass Arekletten = kr 50.000,-
- Vedlikehald vei, Matresberget = kr 20.000,-
- Resten til Haugsdal bru

TML har elles bede om å få styrka brannvernsbudsjettet med kr. 280.500,- jf. tabell under.

Område : 33901 Brannvesen

Budsjettpost	Budsjett 2009	Korrigering 2009	Kommertarer :
10101	Kr 0,-	Kr 35.000,-	Brannsjef funksjon
10990	Kr 133.000,-	Kr 138.000,-	
10507	Kr 266.000,-	Kr 300.000,-	Grunna nødvendig og auka øvingsaktivitet
11002	Kr 2.500,-	Kr 6.000,-	
11501	Kr 60.000,-	Kr 110.000,-	Stort etterslep på lovpålagt grunnkompetanse
11152	Kr 3.000,-	Kr 6.000,-	
11206	Kr 15.000,-	Kr 30.000,-	Etterslep på typegodkjent verneutstyr
11954	Kr 0,-	Kr 15.000,-	Lisens opplæringsprogram tilgjengelig for alle mannskap. Nettbasert.
12000	Kr 50.000,-	Kr 100.000,-	Behov for nyinvesteringar på utstyrssida
12001	Kr 0,-	Kr 25.000,-	Investering opplæringsprogram, nettbasert
12003	Kr 5.000,-	Kr 50.000,-	Nødvendig oppgradering av spesialutstyr/oljelenser

Budsjettet innan brannvern er styrka med 12,5% eller om lag 200.000 i 2009 i høve 2008, og ein tilrår i denne omgang at det ikkje vert tilført meir midlar til dette området, men at ein tek ein ny runde med prioriteringar m.a. og i påvente i avklaring nærare samarbeid med nabokommunane innan dette området.

Veglys Hosteland, jf. 6 i kommunestyresak 100/08 av den 11.12.2008.

Føresetnad for kommunal medverknad til veglysa var at tilsagn Gjensidige fondet står ved lag, og utgjorde 75.000,-. Frå Masfjorden elektro er det komme faktura med akonto krav på 165.000 netto, og kr. 206.250 inkl. mva. Ein har ikkje sjekka nærare ut kva akonto inneber av forventet totalkostnad. Pkt. 6 i budsjettvedtaket inneber ikkje at kommunen har forplikta seg til noko kostnad i det heile. Poenget var å komme i gong, sikre eksterne midlar og føre opp veglys med inntil 75.000,- og deretter vurdere om kommunen ville gå inn med meir på finansieringsdelen. Det er ikkje lagt inn midlar til veglys i budsjettssalderinga.

Felles

Konsesjonskraft

Styrka budsjettet med 1,8 mill.kr. ut i frå prognose pris for konsesjonskrafta og at volumet som Masfjorden kommune ikkje vert redusert som ein rekna med i opphavleg budsjettframlegg (dvs. deler av forventa overskot skulle overførast til Hordaland fylkeskommune.

Avskrivningar – budsjettjusteringar;

Budsjettkorrigeringar - avskrivningar 2009

Tekst	Konto, Ansvar Teneste	Opphavelg 09 budsjett	Korrigert budsjett 09	Avvik
E.D.B. utstyr - komm.adm.	15900 1200 13000	1 244 000	1 561 000	317 000
Læremiddel	15900 2120 20201	0	21 000	21 000
Sandnes skule	15901 2130 20202	20 000	20 000	
Matre skule	15902 2110 20203	11 600	11 600	
EDB-utstyr skulane	15900 2100 20204	88 000	93 000	5 000
Hosteland barneh.	15900 2150 22101	0	75 000	75 000
Sandnes barnehage	15900 2170 22102	87 000	87 000	0
Indre Masfjorden barnehage	15900 2160 22103	50 000	50 000	0
Nordb.sk.-tilbygg	15900 2120 22201	180 000	366 000	186 000
Sandnes skule	15900 2130 22202	415 000	415 000	0
Matre skule	15900 2110 22203	27 000	51 000	24 000
Einekavane	15900 1200 23308	11 000	40 000	29 000
Legekantor	15900 2400 24101	12 000	12 000	0
NAV bygg	15900 3000 24206	0	139 000	139 000
Masfjorden sjukeheim - pleie	15900 2250 25300	75 000	75 000	0
Masfjorden sjukeheim	15900 2210 26100	1 163 000	1 163 000	0
Gjennomgangsbustadar	15900 3000 26505	681 400	743 400	62 000
Omsorgsbustadar TTF	15900 2240 26504	35 000	35 000	0
Omsorgsbustadar indre	15900 2240 26503	112 600	112 600	0
Omsorgsbustadar sør	15900 2220 26502	139 400	139 400	0
Omsorgsbustadar nord	15900 2210 26501	102 200	102 200	0
GPS utstyr og kartverk	15900 3000 30300	0	47 000	47 000
Næringsutvikling	15900 1200 32501	14 000	14 000	0
Kommunale vegar og bil	15900 3000 33301	0	126 000	126 000
Brannutstyr og bilar	15900 3000 33901	53 000	88 000	35 000
Vassverk og bil	15900 3000 34500	1 047 000	1 071 000	24 000
Avlaup	15900 3000 35301	68 500	89 500	21 000
Matre symjebasseng	15900 2100 38101	147 000	147 000	0
Idrettsanl. Nordbygda	15900 2100 38102	0	100 000	100 000
Kyrkjer og MKF	15900 1200 39000	57 000	57 000	0
Totalt		5 840 700	7 051 700	1 211 000
Motpost avskrivning	19900 1200 86001	5 840 700	7 051 700	1 211 000

Ut i frå dei tilrådde budsjettendringane (budsjettet er i balanse etter endringane) innan driftsbudsjettet kjem ein fram til følgjande hovudoversikt drift etter salderinga;

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	Saldert 2009 budsjett	Opphavleg 2009 budsjett	Revidert 2008 budsjett	Opphavleg 2008 budsjett	Rekneskap 2007
DRIFTSINNTEKTER					
LN03 Brukerbetalinger	-7 288 000	-7 173 000	-7 022 300	-7 022 300	-7 138 661
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	-5 708 800	-5 738 800	-5 661 900	-4 765 700	-6 553 668
LN05 Overføringer med krav til motytelser	-15 580 200	-15 580 200	-13 076 000	-13 029 300	-20 463 126
LN06 Rammetilskudd fra staten	-35 900 000	-35 900 000	-34 300 000	-41 100 000	-31 522 838
LN07 Andre statlige overføringer	-2 036 000	-930 000	-511 300	-511 300	-978 532
LN08 Andre overføringer	-10 466 000	-8 666 000	-7 100 000	-7 100 000	-10 972 310
LN09 Skatt på inntekt og formue	-41 800 000	-42 800 000	-40 100 000	-33 300 000	-39 326 673
LN10 Eiendomsskatt	-18 500 000	-17 500 000	-18 000 000	-13 000 000	-19 738 615
LN11 Andre direkte og indirekte skatter	-2 360 000	-2 360 000	-2 340 000	-2 340 000	-2 389 316
LN12 Sum driftsinntekter	-139 639 000	-136 648 000	-128 111 500	-122 168 600	-139 083 739
DRIFTSUTGIFTER					
LN14 Lønnsutgifter	79 272 450	77 864 450	68 775 200	68 421 800	68 805 929
LN15 Sosiale utgifter	18 730 750	18 543 750	16 300 700	16 251 300	14 899 740
LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester	21 216 600	19 860 600	18 575 200	16 887 800	20 389 147
LN17 Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste	3 998 100	3 958 100	4 417 900	4 373 800	4 433 725
LN18 Overføringer	8 372 000	8 372 000	7 578 100	7 496 400	8 058 370
LN19 Avskrivninger	7 051 700	5 840 700	6 274 200	5 522 600	5 878 185
LN20 Fordelte utgifter	-825 000	-825 000	0	0	-876 489
LN21 Sum driftsutgifter	137 816 600	133 614 600	121 921 300	118 953 700	121 588 607
LN23 Brutto driftsresultat	-1 822 400	-3 033 400	-6 190 200	-3 214 900	-17 495 132
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
Finansinntekter					
LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-2 162 500	-2 162 500	-1 860 000	-1 760 000	-2 299 226
LN26 Mottatte avdrag på lån	-120 000	-120 000	-290 000	-290 000	-221 467
LN27 Sum eksterne finansinntekter	-2 282 500	-2 282 500	-2 150 000	-2 050 000	-2 520 693
Finansutgifter					
LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansutg	4 401 600	4 401 600	4 001 500	3 901 500	3 010 650
LN30 Avdragsutgifter	3 700 000	3 700 000	3 900 000	3 900 000	3 355 000
LN31 Utlån	20 000	20 000	20 000	20 000	23 955
LN32 Sum eksterne finansutgifter	8 121 600	8 121 600	7 921 500	7 821 500	6 389 605
LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner	5 839 100	5 839 100	5 771 500	5 771 500	3 868 912
LN35 Motpost avskrivninger	-7 051 700	-5 840 700	-6 272 300	-5 522 600	-5 878 185
LN36 Netto driftsresultat	-3 035 000	-3 035 000	-6 691 000	-2 966 000	-19 504 407
AVSETNINGER					
Bruk av avsetninger					
LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige overskot		0	-2 444 000		-3 060 448
LN39 Bruk av disposisjonsfond	-1 834 000	-1 834 000	-2 609 000	-2 034 000	-2 599 869
LN40 Bruk av bundne fond					
LN41 Bruk av likviditetsreserve					
LN42 Sum bruk av avsetninger	-1 834 000	-1 834 000	-5 053 000	-2 034 000	-5 660 317
Avsetninger					
LN44 Overført til investeringsregnskapet	2 439 000	2 439 000	8 191 000	2 500 000	8 754 969
LN45 Dekning av tidligere års regnskap	0	0			42 893
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	2 430 000	2 430 000	3 553 000	2 500 000	12 068 764
LN47 Avsetninger til budne fond	0	0		0	1 853 658
LN48 Avsetninger til likviditetsreserve					
LN49 Sum avsetninger	4 869 000	4 869 000	11 744 000	5 000 000	22 720 284
LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot	0	0	0	0	-2 444 440

INVESTERINGAR

Investeringsbudsjettet er basert på Kommunestyrevedtak 11.12.2008 – som sak 100/08, og seinare justert for;

K-sak 122/08 og 14/09	utleigebustadar Hosteland - 5 mill.kr., seinare justert til 6,7 mill.kr.
K-sak 15/09	Nye omsorgsbustadar Hosteland, justert budsjett til 7,5 mill.kr.
K-sak 16/09	veg til bustadfelt Hosteland – samla kostnad 700.000
K-sak 17/09	Startlån med 2 mill.kr.

Som fører til følgjande oppdaterte hovudoversiktar;

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING

Økonomisk oversikt - investering	Justert Budsjett 2009	Opphavleg Budsjett 2009	Rekneskap 2008	Justert Budsjett 2008	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006
INVESTERINGSINNTEKTER						
LN 03 Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-1 350 000	0	-170 000	-100 000	-160 000	-50 000
LN 04 Andre salsinntekter	0	0	0	0	0	0
LN 06 Statlege overføringa	-1 500 000	-1 250 000	-200 000	0	0	0
LN 07 Andre overføringa	0	0	-2 003 165	-1 465 000	-4 698 676	57 003
LN 08 Renteinntekter	0	0	0	0	0	0
LN 09 Sum inntekter	-2 850 000	-1 250 000	-2 373 165	-1 565 000	-4 858 676	7 003
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN 11 Lønsutgifter	0	0	5 059	0	39 309	24 506
LN 12 Sosiale utgifter	0	0	0	0	4 167	0
LN 13 Varer og tenester i kommunal eigenprod.	20 136 000	11 340 000	8 771 085	9 400 000	14 444 666	9 168 477
LN 14 Kjøp av tenester som erstattar eigenprod.	0	0	2 785	0	18 137	3 250
LN 15 Overføringa	2 689 000	2 835 000	1 038 050	1 125 000	2 827 773	1 403 257
LN 16 Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0	0	0
LN 18 Sum utgifter	22 825 000	14 175 000	9 816 979	10 525 000	17 334 052	10 599 491
FINANSUTGIFTER						
LN 20 Avdragsutgifter	0	0	200 000	200 000	200 002	0
LN 21 Utlån	2 000 000	0	700 000	1 200 000	404 000	50 000
LN 22 Kjøp av aksjar og andelar	250 000	250 000	233 644	250 000	345 033	289 402
LN 23 dekning av tidl.års udekk	0	0	2 260 570	0	0	0
LN 24 Avsetjing fond	0	0	7 993 031	0	107 337	22 000
LN 25 Avsetningar til likv.reserve	0	0	0	631 000	5 328 162	0
LN 26 Sum finanstransaksjoner	2 250 000	250 000	11 387 245	2 281 000	6 384 534	361 402
LN 27 Finanseringsbehov	22 225 000	13 175 000	18 831 059	11 241 000	18 859 910	10 967 895
FINANSIERING						
LN 29 Bruk av lån	-8 850 000	-3 850 000	0	-500 000	-5 908 754	-1 033 232
LN 30 Mottekne avdrag på utlån	0	0	-94 006	-100 000	-89 544	-256 109
LN 32 Overføring frå driftsrekneskapen	-4 089 000	-2 439 000	-5 777 996	-5 791 000	-8 754 969	-5 643 669
LN 33 Bruk av disposisjonsfond	-9 286 000	-6 886 000	-3 847 662	-4 850 000	-805 036	-998 760
LN 36 bruk av likv.res	0	0	-7 993 031	0	0	0
LN 37 Sum finansiering	-22 225 000	-13 175 000	-17 712 695	-11 241 000	-15 558 303	-7 931 770
LN 38 Udekket/udisponert	0	0	1 118 364	0	3 301 607	3 036 126

Budsjettskjema 2A

	Saldert Budsjett 2009	Opphavleg Budsjett 2009	Rekneskap 2008	Revidert Budsjett 2008	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005
FINANSIERINGSBEHOV							
Investering i anleggsmidler	22 825 000	14 175 000	9 816 978	10 935 000	17 334 052	10 599 491	7 487 677
Utlån og forskoteringar	2 000 000	0	700 000	500 000	504 000	50 000	867 000
Avdrag på lån		0	200 000		200 000	0	294 392
Avsetjingar	250 000	250 000	10 487 245	631 000	5 680 532	311 402	1 391 951
Årets finansieringsbehov	25 075 000	14 425 000	21 204 223	12 066 000	23 718 584	10 960 893	10 041 020
FINANSIERING							
Bruk av lånemidler	-8 850 000	-3 850 000	0	-500 000	-5 908 754	-1 033 232	-2 497 456
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-1 350 000	0	-170 000		-160 000	29 003	-408 035
Tilskot til investeringar	-1 500 000	-1 250 000	-2 203 165	-925 000	-4 698 676	-22 000	0
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar		0	-94 006		-89 544	-256 109	-251 889
Andre inntekter		0	0		0	0	-1 888 773
Sum eksternt finansiering	-11 700 000	-5 100 000	-2 467 171	-1 425 000	-10 856 974	-1 282 338	-5 046 153
Overført frå driftsrekneskapen	-4 089 000	-2 439 000	-5 777 996	-7 441 000	-8 754 969	-5 643 669	-1 374 229
Bruk av avsetjingar	-9 286 000	-6 886 000	-11 840 693	-3 200 000	-805 036	-998 760	-2 396 122
Sum finansiering	-25 075 000	-14 425 000	-20 085 860	-12 066 000	-20 416 979	-7 924 767	-8 816 504
Udekket/udisponert = 0	0	0	1 118 363	0	3 301 607	3 036 126	1 224 516

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;							
EDB - felles	625 000	625 000	1 585 867	625 000	550 669	1 031 744	4 002 760
EDB - skule	0	0			0	285 234	153 605
Nordbygda barnehage	0	0			20 440	0	
Nærmiljøanlegg Sandnes skule	0	0			79 950	0	0
Opprusting skulebygg	450 000	450 000	21 729		253 716	136 084	0
Opprusting barnehagebygg	205 000	205 000					
Nordbygda skule	0	0			40 219		
Trafikksikringstiltak skulane	0	0		625 000	34 815	237 875	0
Lokaler Nordbygda skule	200 000	200 000	734 261	2 500 000	5 437 008	305 306	499 401
Lokaler Sandnes skule	300 000	300 000	14 154		120 495	51 962	843 361
Lokaler Matre skule	1 230 000	1 230 000	31 386		57 299	54 756	177 641
Brannbil	0	0	681 285	525 000		0	0
Kart og oppmåling GPS	0	0	238 375	200 000			
Ventilasjonanlegg helsetunet	0	0			554 598	0	112 756
NAV lokale			690 947				
Matre symjebasseng	0	0			270 408	0	0
Sjukeheimen	375 000	375 000				161 580	208 936
Omsorgs-/psykiatribustadar	7 500 000	6 250 000		5 000 000		0	0
Utleigebustadar Hosteland	6 700 000						
Omsorgsbustadar NORD	120 000	120 000					
Omsorgsbustadar indre	120 000	120 000					
Omsorgsbustadar TTF	100 000	100 000					
Gjennomgangsbustadar	700 000	700 000	271 250	260 000	50 288	0	0
Tomtar	0	0			13 108	92 064	0
Kommunale vegar	2 200 000	1 500 000	2 370 950		943 021	905 618	454 918
Bustadfelt Haugsvær	0	0				0	614 003
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000	999 476		442 346	20 000	0
Avlaup	500 000	500 000	775 000	200 000	554 196	389 026	0
Solheim kyrkjegard	0	0			129 508	2 660 258	255 545
Solheim kyrkje	0	0	371 993		1 731 303	0	0
Vassforsyning	1 000 000	1 000 000	641 748	1 000 000	1 535 237	2 131 370	164 751
Skitrekk Stordalen					3 646 252	844 568	0
Matre idrettsbane					0	1 292 045	0
Sentralbaneanlegg Hosteland	0	0	388 557		869 177	0	0
Summering investering i anleggsmidler	22 825 000	14 175 000	9 816 978	10 935 000	17 334 052	10 599 491	7 487 677

Tiltak i budsjettsalderinga – investering;

- 1) Garderobeanlegg ved sentralbana på Hosteland – budsjettrevisjon med grunnlag i talmateriale brukt i samband med søknad om tippemidler;

Tippemiddelsøknad basert på:

Brutto kostnad		2,5 mill.kr
Finansiert med:		
Tippemidler	700 000	
EK, Masfjorden fotballag	60 000	
Dugnad	360 000	
Gåver/rabatt	180 000	
Kommunalt tilskot	1 200 000	-2,5 mill.kr
Kommunalt tilskot basert på:		
Momskompensasjon	500 000	
Tomt	100 000	
Tilskot	400 000	
Tomrararbeid	200 000	

02309 Nybygg brutto kostnad (2,5 mill.kr. redusert for dugnad, rabatt/gåver og tomt – samt arbeidsinnsats av kommunalt tilsette), gjer at brutto budsjett vert kr. 1.660.000

Finansiert med;

09700 overføring frå drift - 500.000
 09400 fondsmidler - 400.000
 08900 tilskot (tippemidler og Masfjorden fotball lag) - 760.000

Budsjettrevisjon då inkludert tidlegare garanti.

- 2) Pilotprosjektet – det vert utarbeidd eiga sak på revidert budsjett for pilotprosjektet. Etterkvart som delprosjekt under dette pilotbudsjettet vert klargjort, må det innarbeidast i kommunebudsjettet med kostnad og finansiering.
- 3) Utleigebustadar Sandnes – jf. Kommunestyresak 123/08

Desember 2008 låg det føre rammepris på rekkehus på ein tomt på Sandnes. Det er ført vidare med oppdatert pris – basert på rekkehusalternativet. brutto vil dette komme på 7,3 mill.kr. i kommunal eigenregi. Jf. pkt. 3 skulle rådmannen utarbeidde finansieringsplan til budsjettsalderinga.

02309 Nybygg	brutto kostnad	7.300.000	
Finansiert med;			
09700	overføring frå drift (momskompensasjon)	- 1.500.000	
06700	sal av hus	- 1.500.000	
09101	lånefinansiering	- 3.000.000	09400
	fondsmidler	- 1.300.000	

KONKLUSJON

Driftsbudsjettet;

Meirinntekter i form av auka eigedomsskatt og avkastning konsesjonskraft dannar grunnlag for å auke opp budsjettet med 2,8 mill.kr.

Desse meirinntektene er brukt til å redusere skatteanslaget med 1 mill.kr., og resten til å imøtekomme ein del av innkomne innspel til budsjettsalderinga.

Det er framleis uavklart kring ekstern finansiering veglys Hosteland. I tråd med intensjonen med pkt. 6 i K-sak 100/08 fører ein opp veglys Hosteland med dei midlane ein får eksternt, og kjem evt. attende til kommunal finansieringsdel når ein veit om ekstern finansiering kjem på plass, som var ein føresetnad.

Salderinga av driftsbudsjettet inneber uendra netto driftsresultat, men svekka brutto driftsresultat.

Investeringsbudsjettet;

Investeringsbudsjettet er meir enn dobla etter opphavleg vedtak, og hovudoversikt investering og 2A/2B har ein innarbeidd vedtaka kring K-sakene 14-17/09.

Utover dette har ein lagt inn korrigert budsjett garderobeanlegg Hosteland (tilpassa søknad om tippemidlar), men her er nok eit større behov på finansieringssida. I tillegg er føringane kring utleigebustadar Sandnes teke med under 2009 salderinga, men ein bør kanskje vurdere oppstart 2010 på dette prosjektet. Desse 2 prosjekta vil ytterlegare auke investeringsbudsjettet 2009 med 9 mill.kr. – slik at det samla vil komme opp i mot 34 mill.kr. for 2009.

Pilotprosjektet, og forslag til revidert budsjett pr. mai 2009 kjem opp som parallell sak, som og inneber ein del investeringspostar i tillegg til driftspostar.

Sum låneopptak vert om ein vedtek alle prosjekt i 2009 kr. 11.850.000,- mot opphavleg budsjett på 3.850.000,-, og minner om merknad frå Fylkesmannen kring årleg låneopptak;

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2009 er det planlagt brutto investeringar for tilsaman kr. 12,0 mill.

Investeringane er planlagt finansiert med bruk av fond (kr. 6.886.000,-), tilskot (kr. 1.250.000,-) og lån (kr. 3.850.000,-). Det er planlagt å investera i IKT, opprusting av kommunale bygg, kommunale vegar, vassforsyning og omsorgsbustader.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2007 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til om lag kr. 40.700,-. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 40.900,-. Sum lånegjeld (utanom pensjon) er rekna til om lag kr. 64 mill. ved utgangen av 2008.

Kommunen legg opp til for kvart år å ikkje ta opp større lån enn det kommunen betaler i årlege ordinære avdrag (driftsbudsjettet). Det er viktig at kommunen held fast ved dette opplegget slik at kommunen unngår ein gjeldsauke. Investeringane blir utover denne låneramma finansiert med driftsmidlar, bruk av fond og statleg tilskot.

I 2009 er det lagt opp til noko større låneopptak (kr. 3.850.000,-) enn det er budsjettert i ordinære avdrag (kr. 3,7 mill.).

Det er viktig at kommunen held fast ved å avgrensa låneopptak til maksimalt det kommunen betaler i ordinære avdrag, samt ta opp mindre lån eller unngå nye lån dersom utviklinga i året gir høve til auka driftsfinansiering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.05.2009	045/09	Beate Mæsel

Arkiv: N-010.1, N-104	Arkivsaknr.: 06/552
-----------------------	---------------------

SAK 045/09 - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN KOMMUNE -- REVIDERT PROSJEKTPLAN, BUDSJETT OG STATUS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner revidert prosjektplan og budsjett slik det ligg føre, gjer klarsignal for opparbeiding av Grøn Næringspark, Matre og tek status i pilotprosjektet til orientering.

Utskrift til:

KS-045/09 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner revidert prosjektplan og budsjett slik det ligg føre, gjer klarsignal for opparbeiding av Grøn Næringspark, Matre og tek status i pilotprosjektet til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Rådmannen orienterte:

Skisse i fargar over planane for sandgrupa var sendt ut ilag med sakspapira.

Det er blant anna planlagt:

Planting av pileskot

Sykkelbane

Buldrestein

Areal til næringsbygg

Veksthus (bygg til næring)

Ein må no ta eit skippertak på Matre for å bli ferdige med noko. Administrasjonen klarar ikkje å følge opp tre lokalsamfunnsutviklingsprosjekt samstundes. Det er difor viktig å bli ferdig på Matre. Skitrekket i Stordalen har utløyst masse energi som har hatt ringverknader.

Statsbygg vurderer no bygging av 15-18 husvære på Matre. Kommunen vil gjera avtale om å leiga 4 av desse for vidare utleige. Me har håp om å få leiga ut alle desse.

Einekavane, Havbruksstasjonen og BKK er med på oppussinga på Matre og pussar opp sine område samstundes.

Det er lokale fagfolk som er brukt i planlegginga av dette.

Rådmannen orienterte og om fokus 2010 i Pilotprosjektet:

- Ungdom og kultur – kontinuerleg fokus
- Lokalsamfunnsutvikling Matre – full fokus/tyngde i 2009/2010
- Samfersdle Matre
- Lokalsamfunnsutvikling Sandnes – fokus på utarbeiding konkret handlingsplan/planutavhengige tiltak, fokus mot kommuneplanen 2010
- Lokalsamfunnsutvikling Hosteland – fokus å finna klare satsingsområde/utarbeide handlingsplan

Rådmannen gjekk så gjennom revidert budsjett 2009 – 2010.

Bjørn Egil Nordland, Ap, stilte spørsmål til pileskogen og kva kostnader det ville vera med vedlikehald av dette?

Rådmannen: Pilane skal kuttast ned og seljast til fletting. Me har kontakt med folk som vil ta på seg å halda dette vedlike.

Dei om byggjer i sandgrupa vil få eit medansvar for å vedlikehalda.

Dina Dyrhovden, Ap, spurde om kva rettstryggleik som vil bli gjort i høve plasseringa av buldreveggen som no er midt i eit vegkryss?

Ordførar svara at det vil nok bli teke nødvendige tiltak i høve sikring og firmaet som leverer har og eit ansvar for dette.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det vil kosta ganske mykje med all beplantinga, buldreveggen osv. Ho meinte at det må gå an å gjera det fint sjølv om ein gjer det litt enklare.

Ordførar konkluderte med at det no er gjennomføringa av handlingsplanen som skal gjerast og ein vil forhåpentlegvis sjå resultat i løpet av sommaren.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
57	U	26.03.2009	Politisk styringsgruppe	Innkalling til møte i den politiske styringsgruppa for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, Kommunestyresalen, torsdag 02.04.09 kl. 14.30
59	U	06.04.2009	Politisk styringsgruppe	Referat frå møte i den politiske styringsgruppa for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, torsdag 02.04.09, kommunestyresalen kl. 14.30.
60	I	06.04.2009	Mæsel Beate	Retningslinjer for arbeidet med lokalsamfunnsutvikling
61	U	27.04.2009	Politisk styringsgruppe	Innkalling til møte i politisk styringsgruppe for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, gymsalen Nordbygda skule, mandag 04.05.09 kl. 15.45
62	U	11.05.2009	Politisk styringsgruppe	Referat frå møte i politisk styringsgruppe for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, mandag 04.05.09, gymsalen Nordbygda skule kl. 15.45

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN


I sak 022/09 vedtok Masfjorden kommunestyre at pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden skal verte revidert.

VURDERING

REVIDERT PROSJEKTPLAN MAI 2009

BAKGRUNN FOR PILOTPROSJEKTET – LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

Med bakgrunn i prognosar for folketalsutvikling i Masfjorden kommune valde kommunen hausten 2006 å gå aktivt inn for å satse på prosjekt som kan stimulere til auke i folketalet. Auke i folketalet er naudsynt for å kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod i kommunen, ikkje minst grunna kommunen sitt geografiske omfang. Kommunen er kjenneteikna av store geografiske avstandar og i ein slik situasjon vil det være naudsynt å oppretthalde dagens tilbod spesielt innan område som skule og barnehage.

Folkemengde 1995-2006 og framskrive 2007-2025¹

Figuren til venstre viser forventna folketalsutvikling i Masfjorden kommune fram mot 2025. Tendensen viser ei jamn nedgang i folketallet, noko som heilt klart vil vere ei utfordring for tenestetilbodet i kommunen.

I 2006 hadde Masfjorden kommune ein nedgang i folketallet frå 1693 til 1631 innbyggjarar noko som utgjer ei nedgang på nesten 4% på eit år!

¹Framskriving basert på alternativ MMMM (middels vekst)

Samstundes med at kommunen hadde valt å satse på lokale prosjekt vedtok kommunestyret i Masfjorden kommune at kommunen skulle søke om å få ta del i pilotprosjektet "Livskraftige kommunar" initiert av miljøverndepartementet og KS. Søknaden ble godtatt og Masfjorden vart som einaste kommune frå Hordaland plukka ut til å ta del i pilotprosjektet. Masfjorden inngår i nettverk med kommunane Kongsberg, Oslo, Norddal, Nittedal, Rana, Øvre Eiker. Til tross for at kommunane i nettverket i stor grad kan oppfattast som ulike, opplever ein nettverket som svært nyttig. Til tross for fleire ulikskapar kan ein dra vekslar på fleire erfaringar på tvers av kommunane i nettverket.


Deltaking i pilotprosjektet gir et godt utgangspunkt for erfaringsutveksling og læring gjennom nettverk med andre deltakande kommunar i prosjektet.

Prosjektet skal ideelt sett:

"... bidra til å gi større kraft til lokalt arbeid med å utvikle ein offensiv politikk for miljø og samfunn, involvere kommunesamfunnet, med innbyggjar, frivillige organisasjonar, næringsliv, regionale og statlege myndigheitar, integrere miljø og samfunn i kommunanes ordinære plan – og styringssystem og setja i verk konkrete tiltak for ein miljøvennlig, bærekraftig og livskraftig kommune"

Lokalt i Masfjorden har ein valt å inkludere opphavlege lokale prosjekt som ein del av pilotprosjektet. Ulike satsingsområde på lokalt nivå er dermed delprosjekt i pilotprosjektet. Eit viktig aspekt med satsing lokalt er at ein har eit langsiktig perspektiv der ein jobbar aktivt og kontinuerlig mot kvart av delprosjekta i ein tidsramme på 3-5 år.

Figuren under syner korleis ein har kopla deltaking i Livskraftige kommunar med lokale initiativ og danna grunnlaget for Pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden:



VISJONAR OG MÅL

Masfjorden kommune sitt overordna mål er både på kort og lang sikt å auka innbyggjartalet i kommunen!

Hovudmålet med pilotprosjektet (effektmålet) er å auke folketalet i kommunen gjennom bevisst og aktiv samfunnsplanlegging.

Formålet (produktmålet) er å skape bere- og livskraftige bygder ved hjelp av ein heilskapeleg utvikling basert på forankring, dialog og medverknad slik at innbyggjarane sine interesser vert sikra på ein ansvarleg måte og nye tankar og idear kan koma fram

Masfjorden er ein usedvanleg flott kommune som kan tilby innbyggjarar og besøkande eit stort spekter av fritidstilbod innafor både kulturelle og sportslege aktivitetar. Kommunen kan i tillegg by på eit stort og kvalitativt mangfald av naturressursar noko som gjev gode føresetnadar og grunnlag for eit bere- og livskraftig lokalsamfunn. Kommunen sitt gode naturgrunnlag representerer verdiar som med god og rettmessig forvaltning vil kunne appellere til eksisterande og eventuelle nye innbyggjarar i kommunen.

For å nå sitt overordna mål er det viktig at kommunen marknadsfører seg og jobbar aktivt for å skape eit godt omdøme retta mot personar og aktørar utanfor kommunen, men og mot dei som allereie er busett og/eller driv verksemder i kommunen. Dei som allereie er busett i Masfjorden er dei beste ambassadørane og dei viktigaste medspelarane kommunen kan ha for å skapa eit berekraftig og livskraftig lokalsamfunn. Det er viktig at ein i fellesskap greier å støtte, styrke og marknadsføre det positive Masfjorden har å tilby innbyggjarar og fritidsfolk.

Kommunen må vere og stå fram som ein proaktiv samfunnsutviklar som aktivt møter innbyggjarane og deira problemstillingar i kvardagen. Samstundes er det heilt avgjerande at ulike aktørar får eit bevisst forhold til si rolle og tilhøyrande handlingsrom i lokalsamfunnet. Dette for å få til ei god og dynamisk utvikling av kommunen som bu- arbeids- og leveområde. Kommunen må gå frå å opptre berre som ein tenestegarantist til og å bli ein premiss- og utviklingsaktør. Det er difor avgjerande at prosjekt som blir sett i gang er sterkt forankra lokalt hjå politikarar og administrativt tilsette, men aller viktigast må prosjekta vere forankra hjå dei som bur, lever og arbeider i kommunen.

For å klare dette er det nødvendig å:

- 1 Identifisere/ prioritere grunnleggjande prosjektområde
- 2 Skape lokalt engasjement

- 3 Utarbeide forslag til handlingsplan for lokalsamfunnsutvikling
- 4 Kome frem til enkeltprosjekt som kan bli lagt fram for vedtak i kommunestyret (saman med lokalsamfunn og partnarar).
- 5 Stimulere til kultur for samarbeid! Innbyggjarar må eige utfordringar og løysingar.

Fokus/arbeidsformer for det vidare arbeidet:

- 1 Fri flyt av idear, vurderingar og kreativitet.
- 2 Ta vare på eksisterande innbyggjarar og næringsliv og stimulera til nye.
- 3 Stoppe fråflytting og skape tilflytting!
- 4 Prioritere tiltak som er viktige for dei som bur og driv i kommunen
- 5 Må være realistiske!


STATUS I PILOTPROSJEKTET

Per dags dato er deltakinga i pilotnettverket gjennom Livskraftige kommunar i ein avsluttande fase. Det har vore særst nyttig å delta og spesielt har den store muligskapen for erfaringsutveksling vore viktig og lærerik.

Pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden har vore i drift sidan hausten 2006. Det har vore stor aktivitet i prosjektet, som i stor grad har stått fram som eit komplekst prosjekt med ei offensiv satsing på ei rekke delprosjekt og fokusområde, for å stimulere til og sette i gang tiltak som kan bidra til å oppnå kommunen si målsetting om auke i folketalet.

Arbeidet i prosjektet har som nemnt eit langsiktig perspektiv, der ein jobbar kontinuerleg for ei positiv og berekraftig utvikling av kommunen. Prosjektet har gjennomgåande vore forankra både hjå administrasjonen i kommunen og politisk ved at det er sett ned ei politisk styringsgruppe som kontinuerleg rapporterer til Masfjorden kommunestyre. Til kvart delprosjekt er det oppretta ei arbeidsgruppe som består av både politikare og av administrativt tilsette i kommunen.

Prosjektperioden går no mot slutten og ein ser at ei revidering av prosjektet som heile er påtrengande. Gjennom aktivitet i prosjektet og av resultata ser ein at det vil vere naturleg at nokre av delprosjekta vert trekt inn i ordinær drift av kommunen. Samstundes er det særst viktig at ein i tida som kjem legg ekstra trykk i arbeidet med andre delprosjekt. Figuren under syner opphavlege delprosjekt, fokusområde i tida som kjem og kva for delprosjekt som vert trekt inn i ordinær kommunal drift:



- Når det gjeld næringsutvikling vil arbeidet i pilotprosjektet ha ein støttefunksjon til arbeidet i ordinær kommunal drift og arbeidet som skal gjerast gjennom Gulen og Masfjorden utvikling AS.
- Ulike moment som har komme fram/ kjem fram gjennom arbeidet med pilotprosjektet og som er relevante for arbeidet i ordinær drift vil sjølvsagt verte vidareformidla til rett instans.
- Når det gjeld samferdsle er politisk tyngde og langsiktig arbeid nødvendig. Dette høver ikkje så godt inn i arbeidsforma med arbeidsgrupper som er praksis i pilotprosjektet. (Opprusting Austfjordvegen rv 570, bru over Masfjorden, bru over Hope Mjangersvågen, lys mellom tunnelane på Matre/ Andåskrysset, lys på Hosteland etc.
 - Mjukare trafikale utfordringar som av naturleg art passar inn i dei tre lokalsamfunnsutviklings- prosjekta vert verande i arbeidet med pilotprosjektet. Det same gjeld samferdsletiltak knytt til delprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Matre.


Organisering

Prosjektet er forankra både politisk og administrativt for å oppnå ein felles forståing av sentrale satsingsområde i prosjektet. Med bakgrunn i dette har Masfjorden kommunestyre satt ned ei politisk styringsgruppe blant anna for å kvalitetssikre arbeidet med prosjektet.

- Politisk gruppe fungerer som styringsgruppe for dei ulike delprosjekta som vert oppretta.
- Styringsgruppa peiker ut personar/grupper som arbeider ut aktuelle delprosjekt saman med administrasjonen.
- Undergruppene rapporterer til styringsgruppa
- Styringsgruppa prioriterer/legg forslag til handlingsplan fram for handsaming i kommunestyret.

Oversikten under syner deltakarane i den politiske styringsgruppa for prosjektet:

Deltakarar i politisk styringsgruppe		Telfon/ mobil	e-post
<u>Politisk:</u>			
Leiar	Frode Langhelle (H)	91 82 12 97	frode.langhelle@bkk.no
Nestleiar	Liv Oda Dale (Ap)	91 69 33 45	livoda.dale@masfjorden.kommune.no
Vara ordførar	Kari Skår Sørheim (KrF)	92 22 11 23	karisso@start.no
	Tore Helland (Frp)	40 23 70 09	ostereidet@rema.no
	Leila T. Andvik (V)	95 90 50 66	r-endv@online.no
	Vigdis Søvik (Sp)	47 01 70 33	V-J-Soev@frisurf.no
<u>Vara:</u>			
	Wenke F. Ekren (H)	91 73 13 20	Wenke.ekren@c2i.net
	Laila S. Reknes (AP)	95 17 35 12	lailasoleknes@hotmail.com
	Per Einar Langhelle (V)	99 03 45 63	perlanghelle@hotmail.com
	Willy Borge (Frp)	92 02 01 99	willy.borge@online.no
<u>Administrativt:</u>			
Rådmann	Lovisa Midtbø	56 16 62 12	lovisa.midtboe@masfjorden.kommune.no
Ass. Rådmann	Svein Helge Hofslundsengen	56 16 62 15	svein-helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no
	Anne Kristin Rafoss	56 16 62 91	anne.k.rafoss@masfjorden.kommune.no
Rådgevar			
Rådgevar, oppvekst og kultur	Alf Strand	56 16 62 41	alf.m.strand@masfjorden.kommune.no
Kommunalsjef	Ørnulf Lillestøl	56 16 62 17	ornulf.lillestol@masfjorden.kommune.no
Avdelingsleiar, Teknisk, miljø og landbruk	Olav Mørch	56 16 62 93	olav.morch@masfjorden.kommune.no
Prosjektmedarbeidar	Beate Mæsel	56 16 62 19	beate.mesel@masfjorden.kommune.no



Figuren over syner ein skjematisk oversikt over interne rapporteringsvegar i pilotprosjektet.

Retningslinjer for arbeidet med prosjektet

Av erfaringane som er gjort sidan prosjektet starta er det blitt klart at politikarane må vere endå meir med på banen om prosjektet ikkje skal falle saman. Det er ein føresetnad for suksess i prosjektet at prosjektet som heile er godt politisk forankra.

- **Arbeidsform i prosjektet**

- Prosjektet må vere sterkt forankra i kommunestyret!
For å få til ein god progresjon og eit godt resultatorientert politisk og administrativt samarbeid i prosjektet, er det nødvendig at prosjektet er sterkt forankra og på dagsorden i kommunestyret.
- Det bør vere ei politisk styringsgruppe med ein person frå kvart parti. Styringsgruppa bør bestå av personar som og sitter i kommunestyret.
- Politiske medlemmar av styringsgruppa har informasjons og rapporteringsansvar for tovegs dialog mellom styringsgruppa og det enkelte parti.
- Styringsgruppa er ei politisk styringsgruppe og bør ha ein politisk valt leiar.
- Styringsgruppa har, saman med Rådmann, ansvar for framdrift av heile prosjektet.
- Informasjon frå den politiske styringsgruppa og ut til dei politiske partia må verta betre. Det bør bli levert rapport om status og framdrift til kvart kommunestyre. Desse rapportane må og diskuterast i styra i dei politiske partia.

- **Arbeidsform i delprosjekt**

- Arbeidsgruppa i kvart delprosjekt bør få ei klar utfordring frå politisk styringsgruppe for utforming og krav til framdrift i det enkelte delprosjekt.
- Tydeleggjering av roller i arbeidsgruppene for kvart delprosjekt
- Kvart delprosjekt bør ha ein eigen prosjektleiar. Prosjektleiaren kan verta politisk eller administrativ etter avtale med den politiske styringsgruppa og etter kva som vil verta mest hensiktsmessig for kvart delprosjekt.
- Det er viktig å avslutta delprosjekt som blir sett i gang og å overlevere ansvar for vidareføring til private aktørar. Samstundes er det viktig å følgja opp, etterspørja og informera vidare om status. (Kvinnenettverket "Hodl-jentene" er eit godt døme på dette).

Omfang og fokusområde Pilotprosjektet 2009- 2012

Oversikten under syner mål og organisering av dei ulike delprosjekta.

	Tiltak	Mål med tiltaket/strategi for å nå kommunen sitt overordna mål	Målgruppe	Organisering	Ansvar
Ungdom og kultur	Kraftspela Romjuls møte Samarbeid lag/ organisasjonar Oppfølging spørjeundersøking Ekstraordinære kulturtiltak	Skape aktivitet, trivsel og sosialt nettverk for barn og unge Omdømmebygging	Barn og unge busett i kommunen Potensielle innflyttarar	Gruppe samansett av administrativt tilsette og lokalpolitikare	Rådmann og Politisk styringsgruppe for pilotprosjektet
Lokal-samfunns-utvikling Matre	Reguleringsplan Handlingsplan Gjennomføring av tiltak Grøn Næringspark, Matre Etablering av veksthus Kjøp av grunn Nye utleigebustader Samferdsle Matre	Berekraftig, livskraftig og heilskapeleg utvikling av lokalsamfunnet basert på forankring, dialog og medverknad. Omdømmebygging	Innbyggjarar og verksemder på Matre, men og' heile kommunen gjennom omdømmebygging grunna potensielle i synergjar frå sentrale næringsverksemder lokalisert på Matre Potensielle innflyttarar	Gruppe samansett av administrativt tilsette, lokalpolitikare og innbyggjarar	Rådmann og Politisk styringsgruppe for pilotprosjektet
Lokal-samfunns-utvikling Sandnes	Forarbeid planarbeid Handlingsplan Gjennomføring av tiltak Nye utleigebustader Bustadfelt/veg/VA Næringsutvikling Sandnes	Framtidsretta, livskraftig, estetisk og heilskapeleg utvikling av lokalsamfunnet. Det skal skapast eit godt fundament for bu og arbeidslyst. Utviklinga skal vere basert på forankring, dialog og medverknad. Det skal ligge føre ein handlingsplan med konkrete tiltak for utvikling Omdømmebygging	Innbyggjarar, verksemder, potensielle innflyttarar	Gruppe samansett av administrativt tilsette, lokalpolitikare og innbyggjarar	Rådmann og Politisk styringsgruppe for pilotprosjektet
Lokal-samfunns-utvikling Hostelnd	Forarbeid planarbeid Handlingsplan Gjennomføring av tiltak Nye utleigebustader Service/næringsbygg	Berekraftig, livskraftig og heilskapeleg utvikling av lokalsamfunnet basert på forankring, dialog og medverknad. Det skal ligge føre ein handlingsplan med konkrete tiltak for utvikling Omdømmebygging	Innbyggjarar, verksemder potensielle innflyttarar	Gruppe samansett av administrativt tilsette, lokalpolitikare og innbyggjarar	Rådmann og Politisk styringsgruppe for pilotprosjektet

Kort oppsummering av delprosjekta

UNGDOM OG KULTUR

Arbeidet i delprosjektet ungdom og kultur har naturleg nok hatt kontinuerleg fokus i prosjektperioden. Delprosjektet har hatt ei målsetting om på arbeide for å skape aktivitet, trivsel og sosialt nettverk for barn og unge. Dette er heilt avgjerande og ein naturleg konsekvens av kommunen si målsetting om auke i folketalet. Det er naudsynt at ein også i tida som kjem held eit kontinuerleg trykk på arbeidet i delprosjektet, jamfør kommunen si overordna målsetting.

LOKALSAMFUNN MATRE

Delprosjektet var det fyrste av dei tre prosjekta innan lokalsamfunnsutvikling som vart sett i gang. Sidan 2006 har ein fått utarbeidd og vedteken ein ny reguleringsplan med bakgrunn i ein sær omfattande medverknadsprosess. Som utgangspunkt for prosessen har alt eksisterande bakgrunnsmateriale og tidlegare utarbeidd stadanalyse blitt oppsummert og tatt med i arbeidet. Det har og vore arrangert tema- folke- og samarbeidsmøte med ulike aktørar. Ein har i perioden fått utarbeidd ein konkret handlingsplan med små, mindre omfattande og omfattande tiltak. Det er mellom anna utarbeidd ein plan for eit stort leike- og aktivitetsareal rundt Matre skule og idrettsbana på Matre.

I 2008 har kommunen ved hjelp av ekstern konsulent fått utarbeidd ei skisse på "Grøn næringspark, Matre" i sandgrupa, som er eit av dei største satsingsområda i delprosjektet i tida som kjem. Det er aktivitet for å få etablert eit veksthus på kommunen si tomt i sandgrupa og kommunen har oppretta kontakt med Gulen og Masfjorden Utvikling AS og med Mongstad Næringshage.

Med bakgrunn i at delprosjektet er det prosjektet som har vore lengst i gang, er det sær viktig at ein legg full tyngde på prosjektet i 2009. Dette for å ferdigstille delprosjektet og det som kommunen er ansvarleg for. Samstundes er det viktig at relevant informasjon frå prosjektet blir teken med inn i arbeidet med rullering av kommuneplanen.

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING SANDNES

Delprosjektet har store utfordringar grunna Sandnes si sårbare og lite berekraftige situasjon. Over tid har Sandnes mista mykje aktivitet og fleire arbeidsplassar. Dette har mellom anna ført med seg stor nedgang i barnetalet i skulekrinsen. Det har vore utfordringar knytt til arbeidet med å få ferdig ein reguleringsplan for området. Det er stort press og ynskje om bustadtomter og arbeidsgruppa har arbeidd for å sette interessentar og grunneigarar i kontakt med kvarandre. I prosjektperioden har ein ved hjelp av ekstern konsulent fått utarbeidd forslag til framtidig utforming av Sandnes. Prosessen fram mot dei endelige forslaga har, med inspirasjon frå prosessen på Matre, hatt stort fokus på medverknad frå innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, barn og unge etc. Det har og vore gjort forsøk på å få liv i eksisterande bustadmasse som i fleire tilfelle vert nytta til ferieformål. Dette har vist seg å vere sær vanskeleg då dagens eigarar av dei potensielle husa berre er interessert i å nytta husa sjølv.

Elles har det vore satsa sterkt på kulturelle tiltak som aktivitet i Kvamsdal fargeri, Nothuset og sommarscena. Det har og kome lys på den gamle fargeripipa. Dette er tiltak som er med på å understreke Sandnes sin sterke posisjon innan kultur i kommunen.

Arbeidsgruppa for delprosjektet har oppretta kontakt med Statens vegvesen med tanke på diverse utkjørsjar, miljøgate og andre trafikksikringstiltak.

Arbeidet i delprosjektet i tida som kjem må mellom anna ha fokus på utarbeiding av ein konkret handlingsplan for planuavhengige tiltak og på enklare tiltak som kan settas i gang. Arbeidet i delprosjektet må vere aktivt med i rulleringen av kommuneplanen.

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING HOSTELAND

Hosteland og Nordbygda er den delen av kommunen som ligg nærast Sløvåg og Mongstad og det er naudsynt at kommunen posisjonerar seg for å dra nytte av utviklinga og arbeidsplassane i området. Det er viktig å leggje til rette for etablering og utvikling av service, tenestetilbod og tiltak som gir god livskvalitet for innbyggjarane.

I vår har det, ved hjelp av ekstern konsulent, vore gjennomført to folkemøte i delprosjektet. Kommunen har som på Matre og Sandnes hyra ein ekstern konsulent som skal komme med framlegg til framtidig utforming av Hosteland. Prosjektet har ikkje vore i gang så lenge og det er viktig at ein i tida som kjem arbeider med å finne klare satsingsområde og at ein på sikt får utarbeidd ein konkret handlingsplan for planuavhengige tiltak. Innspel frå delprosjektet vil verte med i arbeidet med rulleringen av kommuneplanen.

RESSURSAR I PILOTPROSJEKTET

Medverknad

Gode prosessar kan nesten utelukkande karakteriserast ved å tilpasse prosessen i prosjektet til lokale forhold, der ein har fokus på utvikling med utgangspunkt i ein tilnærma felles plattform, respekt for ulike aktørar sine standpunkt og der ein arbeider aktivt og intensivt med å forankre prosessen ved å skape eigarskapskjensle hjå ulike parter.

Kompetanse

Lokale og eksterne aktørar som bidrar i prosessen og deira kompetanse er ei viktig og avgjerande ressurs i prosessen. Deltaking av politikarar, administrativt tilsette, innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og andre dirrekte i arbeidsgrupper blir sett som ein av dei største ressursane for at prosjektet skal verte vellukka. Fleire av desse aktørane er ein del av det lokale miljøet og brenn for at deira lokalsamfunn skal utviklast på ei positiv måte.

Bruk av ekstern konsulent

Den politiske styringsgruppa har sett at det har vore naudsynt å hente inn eksterne samarbeidspartnarar i form av konsulentbyrå/ arkitektar for å kunne handtera fleire av delprosjekta med fagleg tyngde og nye auge i landskapsarkitektonisk og kreativ samanheng. Ved å hente inn eksterne aktørar og knytte til seg deira kunnskap og ekspertise kan ein få til nyskapande og spennande resultat, som kan byggje opp under ein bere- og livskraftig utvikling av dei ulike bygdene i kommunen.

Økonomi

Sjå eige budsjett.

Tid

Prosjektet har høg prioritet og er forankra både administrativt og politisk i kommunen. Prosjektet har og høg prioritet i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden som heile og arbeidsgruppa vil hevde det er satt av tilstrekkelig tid til arbeidet.


KRITISKE SUKSESSKRITERIA KNYTT TIL PROSJEKTET

- Manglande finansiering av prosjektet og tiltak i utarbeid handlingsplan
- Ikkje tilslutnad frå aktuelle partar
- Manglande engasjement (problem med å mobilisere innbyggjarar, næringslivet og nye etablerarar)
- Deltakarar i arbeidsgruppa nedprioriterar arbeidet, eller lar vere å dra inn aktørar med sakstilpassa kunnskap.
- Manglande samsvar mellom framlegg til handlingsplan, reguleringsplan og dei ulike aktørar sine behov, ønskjer og intensjonar
- Manglande politisk vilje for gjennomføring av fysiske tiltak i dei utarbeidde handlingsplanane.

Det er viktig for engasjementet i prosjektet at det er godt forankra hjå administrasjonen, politikarane og hjå innbyggjarane. Det er difor viktig å sikre at det gode samarbeidet i arbeidsgruppene og i styringsgruppa får fortsette, samt at kommunestyret framleis får rapport frå prosjektet kvar gong dei møtes.

OPPSUMMERT:

Arbeidet i Pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden skal i tida 2009-2012 ha fokus på desse delprosjekta:



REVIDERT BUDSJETT 2009-2012

Revidert handlingsplan og budsjett, 2009-2012, revidert mai 2009

Delprosjekt	Tiltak	2009			2010	2011	2012
		Budsjett	Budsjett revidert	Intern finansiering			
Ungdom og kultur	Kraftspela Romjuls møte Samarbeid lag/ organisasjonar	300 000	300 000	300 000		300 000	300 000
	Oppfølging spørje-undersøkinga 2006 Ekstraordinære kulturtiltak	100 000	100 000	100 000		100 000	100 000
Lokalsamf.utv. Matre	Reguleringsplan		20 000				
	Handlingsplan					10 000	
	Gjennomføring av tiltak	400 000	400 000				
	Grøn næringspark		2 400 000	1 800 000			
	Etablering av veksthus		50 000		500 000	500 000	
Samferdsle Matre	Kjøp av grunn						
	Nye utleigebustader		50 000		50 000		
Samferdsle Matre	Oppgradering av brua Kryssing E39 over/ undergang						
	Stenging innkjørsel BKK Av- påstigingslomme for buss						
	Eventuelt nytt gangfelt Endring av kryss frå E39/ vegen mot Stordalen						
	Administrativt arbeid		50 000	50 000	50 000	50 000	50 000

Delprosjekt	Tiltak	2009			2010	2011	2012
		Budsjett	Budsjett revidert	Intern finansiering			
Lokalsamf.utv. Sandnes/ Sørsida	Forarbeid planarbeid						
	Handlingsplan					10 000	
	Gjennomføring av tiltak	300 000	200 000				
	Nye utleigebustader		6 700 000	2 680 000			
	Bustadfelt/veg/VA Næringsutvikling Sandnes		140 000		500 000	500 000	500 000
Lokalsamf.utv. Nordbygda/ Hosteland	Forarbeid planarbeid		250 000				
	Handlingsplan	300 000	0				
	Gjennomføring av tiltak		0				
	Nye utleigebustader service/næringsbygg		6 700 000	2 680 000			
Næringsutvikling	Oppfølging MNF	250 000	90 000		20 000	20 000	20 000
	Oppfølging kvinnenettv.	100 000	60 000				
	Etablere nytt nettverk	100 000	50 000		10 000	10 000	
Andre utgifter knytt til prosjektet	Omdømebygging/ informasjon/ nettverk	200 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
	Administrativt arbeid	200 000	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
	Prosjekt- stilling	400 000	450 000	450 000	450 000	450 000	450 000
	Hordaland fylkeskommune						900 000
SUM UTGIFTER		2 650 000	18 510 000		2 034 020	2 384 022	1 874 024
LØYVINGAR:							
Eksterne tilskot				8 510 000	9 070 000		
Masfjorden kommunestyre							
FINANSIERINGSMANKO:					930 000		


STATUS MAI 2009

UNGDOM OG KULTUR

Arbeidet med Kraftspela 2009 er i full gang. For annen informasjon sjå referat frå førige møte i den politiske styringsgruppa.

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING MATRE

Grøn Næringspark Matre



Bildet over syner skisse på grøn Næringspark Matre, utarbeidd av Asplan Viak AS.

ORIENTERING

Fokus i delprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Matre ligg nå på arbeidet med Grøn, Næringspark Matre etter skisser frå Asplan Viak AS. Dei ulike elementa i prosjektet bygger på og er forankra i det som har kome fram i prosessen med delprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Matre som heile. Tanken om grønstruktur i sandgrupa stammer frå ideane til Rambøll Norge AS som Asplan Viak AS har bygget vidare på og frå innspel frå aktørar som har vore aktive i prosessen. Arbeidet med oppgradering av området er og knytt opp i den vedtekne handlingsplanen for prosjektet.

Skissa omfattar eit stort areal, men det er samstundes delt opp i tre delar der del ein del er av meir permanent art som er tenkt nytta til parkområde med mellom anna lokalisering av ein sykkelbane og grillplass. Asplan Viak AS ser føre seg ein frodig park i del ein med rhododendron, furu, pil og røft markdekke med enkle grusstiar som bind parken i saman.

Del to er og foreslått nytta til parkområde men og til lokalisering av eit opplyst landemerke i form av ein buldrestein. Del tre av skissa er næringsområde som er tenkt forskjønta med pil og grøn bakke som på sikt og når det er aktuelt er tenkt å kunne vike for næringsaktivitet. Tanken er at området ikkje skal ligge brakk i påvente av mulig sal av næringsareal, men at det skal framstå i ein heilskap med resten av næringsparken samtidig som det skal verte fleksibelt i forhold til nyetableringar i området. Felles for heile området i Grøn Næringspark, Matre er at ein utfører alle tiltak med tanke på å gjere dei mest mulig vedlikehaldsfrie. Pilen i området kan mellom anna nyttast til kurvfletting noe ein lokal aktør på Matre har spesialisert seg på og mellom anna held kurs i. Pilen kan dermed og nyttast til fleire føremål til beste for aktivitet i området.

Opprensning og oppussing av området i sandgrupa er naudsynt og sær s påtrengande for at ein skal kunne tilby eit attraktivt næringsareal på Matre. Symboleffekten området har for kommunen som heile er og sær viktig da området ligg godt synlig frå E39. Slik sandgrupa fremstår i dag er ikkje god reklame for kommunen.

Eit anna moment for kvifor oppretting av parken er viktig er den positive smitteeffekten dette har på annen næringsverksemd i området. Arbeidsgruppa har hatt møte med eksisterande næringsliv som og ynskjer å bidra med oppgradering og opprydding av eige område i sandgrupa. Dette arbeidet er alt i gong. BKK har mellom anna engasjert ein konsulent for utarbeiding av utomhusplan for forskjønting av sitt område både med beplantning, opplysing m.m. Dei andre verksemdene er også opptekne av å matche Grøn Næringspark Matre. Skissa under syner midlertidig skisse som BKK har fått utforma for sitt område:



BRUK AV STADEIGNE KVALITETAR OG KOPLING AV AKTIVITETAR I OMRÅDET

Området i sandtaket er og innfartsporten til Matresdalen og Stordalen med alt som skjer av positive aktivitetar i dette området. Her kan mellom anna nemnas Stordalen skisenter, Stordalen fjellstove, dei nye hytteområda og ikkje minst hotellet som er under planlegging. Foruten å vere eit perfekt utgangspunkt for friluftsliv kan området sommarstid lokka med aktivitetar innan juvvandring, kjempe jettegryter, rappellering, fjellturar, bruk av kajakk/kano etc. Vinterstid omfattar aktivitetstilbodet toppturar, kurs i snø og skredlære, kart, kompass og GPS. Det har i den seinare tid også vist seg at Matresdalen er lokalitet for eit av Noregs beste buldrefelt. Et område som flittig vert besøkt av klatremiljø i Bergen, men og av internasjonale klatrarar. Det kommer mellom anna kanskje eit amerikansk filmteam med noen av verdstoppane i buldring til Matresdalen i løpet av våren. Ein buldrestein plassert i Grøn Næringspark, Matre vil dermed kunne nyttast til fleire føremål. Den kan fungera som eit utmerka symbol på og landemerke for den aktivitet og posisjon Matresdalen har som klatrelokalitet og mulig ekstremспорт, den kan heilt enkelt nyttast som aktivitetsobjekt for tilfeldig forbipasserande og ikkje minst for lokale aktørar som skulen, idrettslaget og for barn, unge og vaksne på fritida. I samband med Kraftspela og liknande aktivitetar kan ein og arrangere show og kurs i buldring. Bildet under syner eit eksempel på ein buldrestein ikkje veldig ulik den ein ser føre seg på Matre.



I del ein av skissa frå Asplan Viak AS er det som nemnt tatt med ein sykkelbane. Årsaka til dette er at det ved fleire anledningar på folkemøte tidleg i prosessen har kome fram ønskje om eit slikt anlegg. I møte med mellom anna elevane på skulen vart det klart at ei terrengbane for sykkel var noe av det dei ønskte mest. Dette er meir presist eit "Dirt Jump anlegg". Ein har også her kontakt med norgeseliten innen denne idretten. To av dei ti beste utøvarane i Norge ønskjer å lage anlegget i Grøn Næringspark Matre. Dei har allereie laga eit anlegg på Hafjell i samråd med Innovasjon Norge.

I utarbeiding av anlegget er tanken å nytte så mykje som mulig av dei eksisterande massane som ligg lagra i Sandtaket, for på denne måten å minimere kostnader. Eigedomstilhøva til massane er avklart og kommunen kan nytte dei fritt til dette formålet.

Totalt sett fins det per dags dato få gode anlegg i Norge og dei som er aktive i sporten ønskjer å nytte eit anlegg på Matre flittig. Dei ønskjer og å tilby minikurs og opplæring til lokal ungdom i Masfjorden og andre for at dei skal kunne lære og nytta banen. Banen er tenkt tredelt med ulike vanskelegheitsgradar for at alle nivå kan nytta han. Aktørar frå norgeseliten

har og sagt at dei kan kome og halde show i anlegget under Kraftspela 2009 for å marknadsføre det. Bileta under er henta frå aktivitet i liknande anlegg og internettlinken gjer tilgang til ein film som syner slik aktivitet i praksis. <http://www.vimeo.com/1911283>


GRØNN NÆRINGS-PARK MATRE

Dirt Jump anlegg



STATUS VEGSITUASJON E39/ RV582 -STORDALSKRYSSET

Statens vegvesen krev detaljplan for traseen til E39 og justering av siktsoner/ oppstramming av krysset mellom E39 og rv582. Det er inngått avtale om at Asplan Viak utfører plantegningane og at Statens Vegvesen betaler kostnadene knytt til dette. Etter avklaring med vegvesenet og Asplan Viak AS vil plassering av Stordalskrysset kome omtrent der krysset ligg i dag. Skissa under syner den nye vegsituasjonen i krysset med siktsoner. Planen er godkjent av Statens vegvesen og arbeid med omlegging av krysset kan starte.



OPPSUMMERING STATUS I ARBEIDET MED KOMMUNEN SITT OMRÅDE:

Ein har avklart med ulike medverkande aktørar at prosjektet kan verte gjennomført i løpet av juni 2009 og intensjonsavtale er inngått med fagekspertise knytt til alle tiltaka i parken:

- Grønstruktur/ anna infrastruktur
- Entreprenørarbeid
- Elektrisitet/ oppretting av punkter for belysning
- Overflatevatn
- Etablering av sykkelbane/ buldrestein
- Dei fleste varer som er naudsynte for opparbeiding av parken er reservert, inkludert transport til Sandgrupa.
- Opprydding og avfallshandtering etter avslutta arbeid

BKK Nett har merket av eksisterande kablar som ligg i området. Desse har Masfjorden kommune igjen fått plottet i kart for at kablane ikkje skal verte overbelasta ved flytting av massar internt i området.

Asplan Viak AS utarbeider denne uka ei skisse/ plan for plassering av lyspunkt og ei arbeidsskisse (til bruk av entrepenørar) som syner terrengsnitt og overflatedrenering i området.

ETABLERING AV VEKSTHUS FOR NÆRINGSVERKSEMDER –EI VIKTIG STRATEGISK SATSING FOR NÆRINGSUTVIKLING OG FOLKETALSUTVIKLING

Ei viktig satsing på Matre i tida framover er å få til eit veksthus for næringsverksmder og service på kommunen si tomt ved sida av Grøn Næringspark, Matre. Det er innleia samarbeid og samtalar med Hordaland fylkeskommune v/ Strategi og næringsavdelinga, med eksisterande næringsliv og med regionale aktørar. Mongstad Næringshage er interessert i å sjå på muligheter for at eit veksthus på Matre kan verte ein assosiert avdeling/ ein underavdeling av dei. Dette kan vere ein sær s god og riktig løysing å arbeide nærare med, då Mongstad Næringshage allereie er godt etablert med kontaktar og den ekspertise som er sær påtrengande for oppretting av eit slikt kompetansmiljø. Sjå eige hefte *"Veksthus for etablerere og andre næringsaktører –Et strategisk viktig tiltak for lokal og regional steds- og næringsutvikling"* som er lagt ved for ei utdjupande innføring i kva eit slikt veksthus kan medføre og intensjonane det byggjer på.

Andre tiltak i delprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Matre

- Masfjorden kommune har innleia eit samarbeid med Havforskningsinstituttet, BKK og Einekavane om bygging av leiligheiter i Einekavane på Matre. Statsbygg står for utarbeiding av planane og kommunen har inngått ein avtale om å leige 4 einheiter.
- Det vert og arbeida aktivt for å sikre at det gamle konkursråka Matre Hotell, som er ein verneverdig bygning, framleis skal kunne vere eit naturleg samlingspunkt og lokale for aktivitet på kaia i Matrebygda. Norsk Kulturminnefond har saman med Hordaland Fylkeskommune løyvd nærare kr.700 000,- til sikring av bygningen, noe som syner graden av verneverdi i bygget. Museumssenteret i Salhus har og vært sær aktive i prosessen. Forutan dette har Masfjorden kommune fått utarbeidd ein marknadsrapport for hotellbygningen og gått i samtaler med konkursboet og andre sentrale aktørar for å sjå på mulige løysingar for å redde bygninga.
- I samarbeid med konsulent Asbjørn Flemmen v/ Høgskulen i Volda er det blitt utarbeidd ny plan for uteareal på Matre skule.

- Vidare er nytt vassverk basert på grunnvatn under etablering på Matre.

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING SANDNES

Det vert arbeida med utarbeiding av konkret handlingsplan for delprosjektet. Det vert samstundes arbeidd med mjukare trivselstiltak som forskjøning i form av beplanting i tønner på strekninga mellom kaia og skulen og med kunstneriske utsmykkingstiltak basert på stadeigne/ identitetsskapande element frå fargeriet og nothuset.

Det er klart for marknadsføring av rekkehus som kan vere utbyggingsklare hausten 2009.

For anna informasjon sjå referat frå førige møte i den politiske styringsgruppa.

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING HOSTELAND

Ein avventar i desse tider fullstendig rapport frå Norconsult AS. Denne vil verte levert Masfjorden kommunestyre til neste møte i kommunestyret.

KONKLUSJON

Arbeidet i og budsjettet for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden vert med dette revidert og fokus for det vidare arbeidet vert fastsett.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.05.2009	046/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 09/358
--------------	---------------------

SAK 046/09 - 1.TERTIALRAPPORT 2009 - REKNESKAPSOVERSYN FOR PERIODEN 01.01.-30.04.2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser elles til budsjettsalderinga som er oppe i samme Kommunestyremøte

Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Utskrift til:

Driftseiningane

Revisjonen

KS-046/09 VEDTAK:

**1.tertialrapport 2009 – rekneskapsoversyn for perioden
1.1. – 30.04. vert teken til vitring.**

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser elles til budsjettsalderinga som er oppe i same kommunestyremøte

Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Det skjedde i Kommunestyret den 28.05.2009:

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	20.05.2009	Hofslundsengen Svein-Helge	1.tertialrapport 2009 - heftet

Rekneskapen pr. 30.04.2009 – ajourført pr. den 12. mai 09
Rapportering frå driftseiningane

SAKSVEDLEGG:

1.tertialrapport 2009 – eige hefte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2009, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Hovudtrekk i rekneskapen pr. 1.tertial vart lagt fram for formannskapet i møte den 18. mai 09.

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 1.tertialrapport vert teken til orientering – budsjettjusteringar gjort i samband med saldering av 2009 budsjettet den 28. mai 09 – ytterlegare budsjettendringsbehov er tilstade, men desse vert tekne seinare, og seinast i 2.tertialrapport 2009.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 28.05.09 vert vitna

Håkon Matre
Ordførar

Willy Borge
Kommunestyremedl.

Bjørn Egil Nordland
Kommunestyremedl.